



MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 25.11.2014
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 18.11.14

Idar Tarberg
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 112/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 113/14	Protokoll frå førre møte.
PS 114/14	Delegerte saker
PS 115/14	Referatsaker
PS 116/14	Trond Kleppe - 76/39 - Bruksendring av 1 etg i eksisterande bygg på 76/39 - Dispensasjon frå plankravet
PS 117/14	Oddmund Kvalsvik 9/8 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen med sikte på frådelling av bebygd bustadtomt.
PS 118/14	Knut Størøy - 32/2 - Dispensasjon frå reguleringsføresegnene til RP Veg Mjølstadneset - vedr oppføring av 2 stk sjøbuder
PS 119/14	Klager på vedtatte adressenamn i MTK-sak 106/12

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 399/14 Frode Sævik 37/39 - Rammeløyve - Utbetring av avkøyrsløforhold
- DS 400/14 Gnr 45 Bnr 172 Frådeling av næringstomt
- DS 401/14 Alf Einar Moltubakk - 60/58 - Igangsettingsløyve
- DS 402/14 Ferdigattest - 37/492 seksjon 2
- DS 403/14 Almenningskai Fosnavåg sentrum 34/446 m.fl - Ansvarsrett for montering av betongelement
- DS 404/14 Mellombels bruksløyve for ny almenningskai Fosnavåg sentrum 34/446 m.fl.
- DS 405/14 ferdigattest 64/6
- DS 406/14 Kristian Arnevik - 26/40 -Tilbygg
- DS 407/14 Gnr 34 Bnr 22 - Klage på gebyr
- DS 408/14 Ferdigattest støttemur - 58/32
- DS 409/14 Olav Kjellstadli - 16/91 - Einebustad med frittliggande garasje
- DS 410/14 Steinar Bendal 29/320 - Løyve til oppføring av einebustad
- DS 411/14 Per Husholm - 64/6 - Flytebrygge
- DS 412/14 Statens Vegvesen, Region Midt - 45/119 - Kontrollomme
- DS 413/14 Gnr 25 Bnr 6 Frådeling av to parsellar til bustadføremål
- DS 414/14 Torgeir Hide 60/32 - Løyve til endring av tidlegare godkjent tiltak
- DS 415/14 Gnr 53 Bnr 9 Frådeling av tilleggsareal til gnr 53 bnr 74
- DS 416/14 Jon Måløy 84/1 - Utlegging av flytebrygge - Ferdigattest
- DS 417/14 Gnr 7 Bnr 11 Ferdigattest.
- DS 418/14 Herøy kommune - 60/35 m fl. - Avløpsanlegg på Moltu
- DS 419/14 Herøy kommune - gnr 29 bnr 8 ,9, 10, 1, 4, 86, 88 og gnr 30, bnr 2 og 9 - Tiltak Heid tursti tredje del
- DS 420/14 Axel Bjørklid - 11/6 - Ny avkøyrsløforhold
- DS 421/14 Gnr 58 Bnr 1 Fnr 12 - Frådeling frå feste til eigartomt

- DS 422/14 Silje Steinsvik Paulsen 38/253 - Ferdigattest
- DS 423/14 Dawid Tarnogòrski 6/51 - Løyve til oppføring av frittliggende garasje
- DS 424/14 Herøy Eigedom AS 37/381 - Løyve til oppføring ny 2.etg som tilbygg til eksisterende bygning på eigedomen
- DS 425/14 ferdigattest 36/91
- DS 426/14 Mesterhus Volda - 31/4 - Endring av tilkoblingspunkt for vatn og avløp og carportløsning
- DS 427/14 Stemmedalen Vasslag SA - 50/13 - Tilbygg vannbehandlingsanlegg
- DS 428/14 Tonje FLusund og Jim Kvalsvik 4/301 - Ferdigattest
- DS 429/14 Oddmund Kvalsvik 17/70 - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 430/14 Karstein Sund 4/25 - Løyve til tiltak
- DS 431/14 Elselill Bjåstad og Vegard Hide 4/303 - Ferdigattest
- DS 432/14 Villy Kvalsund 63/1 - Rehabilitering skorstein
- DS 433/14 Herøy Kommune - 60/35 mfl. - Igangsettingsløyve avløpsanlegg Moltu
- DS 434/14 Svein Hugås - 45/162 - 2 mannbustad med garasje
- DS 435/14 AF Decom as - 64/4 - Riving av brannskadde hus
- DS 436/14 Gnr 34 Bnr 22 - Klage på gebyr
- DS 437/14 Havstein Remøy DA 34/10 - Løyve til heving av sjøbud og oppføring av kai

Referatsaker

- RS 28/14 Kommunedelplan for Herøy - strategisk næringsplan - vedtak om oppstart og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn

PS 112/14 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 113/14 Protokoll frå førre møte.

PS 114/14 Delegerte saker

PS 115/14 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/897
		Arkiv:	76/39

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
116/14	Maritim og teknisk komite	25.11.2014

TROND KLEPPE - 76/39 - BRUKSENDRING AV 1 ETG I EKSISTERANDE BYGG PÅ 76/39 - DISPENSASJON FRÅ PLANKRAVET

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite gjev med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel, for bruksendring av 1 etg. på eksisterande bygg på gnr 76, bnr 39.

Grunngjeving:

Tiltaket vil ikkje tilsidesette formålet bak føresegna det vert dispensert frå eller plan og bygningslova sin formålsparagraf. Ein dispensasjonen for omsøkt tiltak vil ikkje påverke framtidig utnytting og utvikling i området. Etter ei samla vurdering er det klart større fordelar enn ulemper ved tiltaket.

Vedtaket kan påklagast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Vis til vedtaket du klagar over, den eller dei endringar du ønskjer, og dei grunnane du vil vise til i klagen. Dersom du klager seint, slik at det kan være uklårt for oss om du har klaga i rett tid, må du også oppgje datoen denne meldinga kom fram.

Særutskrift:

Trond Kleppe, Leikong, 6080 Guskøy
Myklegard Consult as, Pb 64, 6099 Fosnavåg

Vedlegg:

- 1 01 - Søknad om dispensasjon
- 2 02 - Teikningar + kart
- 3 03 - Brev frå Statens Vegvesen

Saksopplysningar:

Myklegard Consult as søker på vegna av Trond Kleppe om rammeløyve for bruksendring av 1 etg frå næring til bustad i eksisterande bygg på gnr 76, bnr 39. Tiltaket skal utførast i eit område som er regulert til bustadformål med krav om reguleringsplan før utbygging i kommuneplan. Tiltaket krev difor dispensasjon frå plankrav. Søknad om dispensasjon ligg føre, jf søknad datert 29.10.2014. Søknaden om rammeløyve er utover dette komplett og det ligg og føre avklaringar i forhold til Statens vegvesen.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer det slik at vilkåra for å kunne gi dispensasjon er oppfylt. Ein dispensasjon i denne saka vil ikkje tilsidesette formålet bak føresegna det vert dispensert frå eller pbl sin formålsparagraf. Ein dispensasjon vil også ha klart større fordelar enn ulemper etter ei samla vurdering.

Rådmannen viser til at tiltaket er nabovarsla og at det ikkje har kome inn merknader til tiltaket. Tomta er allereie bebygd og eksisterande bygg vert uforandra i høve til ytre mål, ingen til -eller påbygg som følgje av bruksendringa. Dei andre delane av bygget er allereie nytta til bustadføremål og no vert det i tillegg to leiligheiter til i 1 etg. Alle forhold knytt til bruksendringa er avklart. Særleg viktig i den samanheng er talet på antal p-plassar. Det er no presentert ei p -løysing knytt til bygget som tilfredstiller krav til p- plassar i tråd med parkeringsvedtektene til Herøy kommune.

Etter ei samla vurdering rår rådmannen MTK til å innvilge dispensasjon frå plankrav før bruksendring av 1 etg i eksisterande bygg på 76/ 39 frå næring til bustadføremål.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 11.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Fosnavåg 08.10.14

GNR. 76 BNR. 39 - SØKNAD OM DISPENSASJON VED BRUKSENDRING

I forbindelse med søknad om bruksendring for 1. etg. frå næringslokaler til boligareal med 2 leiligheiter, søkes det om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel.

Forutsetninger i kommuneplanens arealdel

Tomta ligg innanfor areal merka **RP** i plankartet. Der står det at arbeid og tiltak som er nemt i Pbl § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve), samt frådeling til slike føremål, ikkje må finne stad før område inngår i godkjent reguleringsplan.

Støyforhold skal oppfylle Miljødepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Avbøtande tiltak skal omtalast i regulerings- og byggesakene.

Iflg. føresegner til arealdelen, skal det for kvar bueining vere minst 50 m² til leikeplass og andre friområde. Uteoppholdsareal for den enkelte bueining skal etablerast i tillegg til leike- og friområde.

Kommunen kan jfr. Pbl § 19-2, gi varig eller mellombels dispensasjon frå planen, men berre dersom omsynet til formåla i plan og føresegner ikkje vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved dispensasjon vere klart større enn ulempene, og det skal leggst særleg vekt på helse, miljø, tryggleik, tilgjenge og på statlege og regionale rammer og mål.

Førehandskonferanse

Iflg. førehandskonferanse 08.11.2013, viser kommunen til at Statens Vegvesen har fått saka til uttale. Utviklingsavdelinga har diskutert kravet til p-plasser og kome til at det i denne saka skal leggst til grunn det som det no vert søkt om, dvs. parkering til 2 leiligheiter i 1. etg. Då snakker ein om 1,5 plass til kvar ny leiligheit, samt 4 allereie godkjende p-plasser. Kommunen konkluderer med at det totalt må vere 7 p-plasser til dette bygget.

Grunngiving for dispensasjon

Boligen er eit eksisterande bygg. Det skal ikkje vere noko form for tilbygg/ påbygg. Det einaste utv. som blir forandra er at der blir 3 fleire p-plasser.

For nokre år sidan hadde underteiknande eit prosjekteringsoppdrag for Statens vegvesen. Vegvesenet hadde fått utført støymålinger. Vårt oppdrag var å prosjektere støydemping på dei bygga som hadde for høge støyverdier. Målingane vi fekk viste at dei bygga som låg heilt inntil riksvegen, måtte ha støydempende tiltak. Bygget på gnr. 76 bnr. 39 ligg muligens i grenseland når det gjeld støy, men bør kunne sleppe ekstra tiltak.




Etter at tiltaket er utført, vil kvar leilighet ha vel 100 m² disponibel til leikeplass og uteareal. Dette tilfredstiller kravet til 50 m² leikeplass. Pga. parkering, vil ein ikkje kunne ha uteoppholdsareal utanfor leilighetene mot sør-øst. Dermed må dette arealet vere på området mot nord-vest. Dette området bør kunne godkjennes som leike-/ og uteoppholdsareal for alle leilighetene. I tillegg finnes der store rekreasjonsområder i nærmiljøet. I og med at leikearealet blir på baksida av bygget, bør mesteparten av dette arealet ha tilfredsstillande støyforhold (maks. 55 dbA).

Kravet i Herøy kommune sine parkeringsvedtekter er 1,5 p-plasser pr. buening, inklusiv gjesteparkering. Kommunen krev dette i dette prosjektet. Men dei tidligare 4 godkjende parkeringsplassane blir uforandra. Dermed blir det totalt 7 plasser. Statens vegvesen Godkjenner også denne løysinga.

Med beste helsing



Geir Egil Myklebust
Ansvarlig søker





Statens vegvesen

Til Even Skeide
- sendt:
eskeide@hotmail.com

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <toimt>

Vår referanse:
2013/108458-016

Dykkar referanse:

Vår dato:
20.02.2014

Fv 61 - Herøy kommune - Gnr. 76 bnr 39 - Avkøyring og parkeringsmønster

Viser til korrespondanse og samtalar om saka, seinast e-post frå deg av 6. d.m.

Vi har teke spørsmålet om avkøyring/tilkomst og parkeringsmønsteret på eigedomen gnr 76 bnr 39 opp til drøfting med Herøy kommune. Kommunen har i e-post av 19. d.m. gjeve slik uttale:

*«Herøy kommune sitt syn på saka er som følger:
Vi kan aksepterre den skisserte løysinga - den med skråparkering - det viktigaste for oss er at det er på plass nok p -plassar i forhold til parkeringsvedtektene - kravet er 7 plassar. Dette er innfridd.
Vidare er det viktig at p-plassane er gjennomtenkte av prosjekterande i saka - dei må fungere i praksis og på ein slik måte at ein best mogleg ivaretek dei som nyttar gang sykkelvegen forbi eigedomen.
Vi kan ikkje sjå at den nye bruken av bygget vil bidra til noko vesentleg endring i trafikkmønsteret på eigedomen - endra bruk frå næring til bustad vil slik vi ser det heller verke positivt inn på dette.
Når det gjeld inn/utkøyring bør vel denne avgrensast noko - dette er slik vi ser det opp til Statens Vegvesen å bestemme i denne konkrete sak.»*

Løysinga kommunen viser til går fram av vedlagde skisse dagsett 14.10.13:

Som kjent har vi gjennom tidlegare korrespondanse og samtalar framheva er det bør leggast opp til ei avkøyrsl- og parkeringsløysing på eigedomen slik ein i minst mogleg grad vil ha behov for å bruke sjølve gang- og sykkelvegen til tilkomst- og manøvreringsareal. Og vidare har vi peika på at sjølve avkøyrsla/avkøyrslspunktet til eigedomen bør avgrensast, og det bør vere fysisk skilje mellom gang- og sykkelvegen og dei private parkerings-/biloppstillingsplassane med tilhøyrande manøvreringsareal.

./.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Fylkeshuset
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Etter dette finn Statens vegvesen, utifrå ei samla vurdering av rådande forhold på staden, å kunne akseptere ei avkøyrsløysing og parkeringsløysing på eigedomen gnr 76 bnr 39 i Herøy i tråd med løysinga som er skissert i vedlagde skisse dagsett 14.10.13 på vilkår av:

1. Tilkomsten/avkøyrsla til eigedomen vert knytt til arealet/området lengst aust på eigedomen, slik at det ikkje vert køyring av bilar/motorkøyrety på og langsetter sjøve gang- og sykkelvegen utanom direktekryssinga av vegen ved avkøyrspunktet.
2. Sjøve gang- og sykkelvegen ikkje vert brukt til manøvreringsareal-/snuareal.
3. Dersom det viser seg at gang- og sykkelvegen vil verte brukt til tilkomstveg, herunder manøvrerings- og snuareal, vil det med tanke på å hindre slik bruk kunne vert stilt krav av Statens vegvesen/vegghaldar til eigar av gnr 76 bnr 39 om opparbeiding/etablering av fysisk skilje (t.d. kanstein) mellom sjøve gang- og sykkelvegen og sidearealet langs vegen.
4. Statens vegvesen/vegghaldar har ikkje erstatningsansvar for eventuelle skader og ulemper parkerings-/tilkomstløysinga, herunder bilar/køyrety m.m. på parkerings-/tilkomstarealet, vert påført grunna vanleg drift- og vedlikehaldsarbeid og trafikk på gang- og sykkelvegen.

Plan og trafikkseksjonen
Med helsing

for *Olte Beiermann*
for Ole Jan Tønnesen
seksjonsleiar

H. Sæverud
Halvard Sæverud

Vedlegg: Skisse dagsett 14.10.13

Kopi: Herøy kommune



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	HR	Arkivsaknr:	2014/42
		Arkiv:	9/8

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
117/14	Maritim og teknisk komite	25.11.2014

ODDMUND KVALSVIK 9/8 - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN MED SIKTE PÅ FRÅDELING AV BEBYGD BUSTADTOMT.

Tilråding frå rådmannen:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-4 av 27. juni 2008 nr. 71, Lov om eigedomsregistrering (Matrikkellova) §§ 33 og 34 og Jordlova § 12, godkjenner Maritim og teknisk komite (MTK) søknad om løyve til tiltak, jfr. pbl. § 20-1, datert 25.08.2014. MTK gjev vidare løyve til oppretting av ny matrikkeleigedom til bustadformål på vilkår av at det vert framlagt dokumentasjon på vegrett til den nye eigedomen.

Ein gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3 –tre- veker frå den dag melding om vedtaket har kome fram til den som har klagerett, jfr. Plan- og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy
Oddmund Kvalsvik, Torvik 39, 6095 Bølandet

Vedlegg:

Kopi av dispensasjonssøknad frå Oddmund Kvalsvik, datert 25.08.2014.

Kopi av uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 24.10.2014.

Kopi av uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, datert 03.11.2014.

Utsnitt av ortofoto i M 1:1000 som viser omsøkte frådelling.

Utsnitt av ny kommuneplan i M 1:5001.

Saksopplysningar:**BAKGRUNN:**

Oddmund Kvalsvik søkte den 17.11.2013 om frådelling av 2 bebygde bustadtomter på gnr. 9 bnr. 8 på Runde. MTK behandla saka i møte den 25.03.2014 og ga då avslag på dispensasjon med sikte på frådelling av tomtene. Ei klage på vedtaket vart frå kommunen si side avvist med tilvising til at klagefristen ikkje var halden.

Kvalsvik har etter dette og med brev av 25.08.2014 søkt om dispensasjon med sikte på frådelling av ei av 2 først omsøkte tomtene. Søknaden vart sendt på høyring med brev av 12.09.2014. Utanom Møre og Romsdal Fylkeskommune har ein no motteke uttale frå dei 2 andre av dei tilskrivne høyringspartane og saka er med det klar for politisk sluttbehandling.

Fylkeskommunen har gjennom rundskriv tidlegare i år klargjort at det ikkje vil verte gitt uttale i saker dei ikkje har merknader til. Ein legg såleis til grunn at Fylkeskommunen ikkje har merknader til dispensasjonssøknaden.

SØKNADEN OG SØKNADSPROSESSEN:

Den no omsøkte tomte er på om lag 800 m² og er den sørlegaste av dei 2 tidlegare omsøkte tomtene. Tomta ligg som før rett ovanfor gravplassen og innanfor eit samanhengande landbruksområde på sørsida av Runde. Tilkomsten går via gardsvegen til bruket som tomte i dag er ein del av.

Søkjaren opplyser at når han i si tid kjøpte eigedomene (gnr. 9 bnr. 8) og fekk den godkjent som tilleggsjord så var det ein føresetnad at bustadeigedomane skulle kunne frådelast. Bustadhusa på bruket krev dessutan svært mykje vedlikehald og med tilvising til avslaget på frådelling av begge husa, søkjar han no om frådelling av det eldste.

Basert på opplysningar frå Landbrukskontoret er det på gnr. 9 bnr. 8 i alt 27,2 da innmarksareal, fordelt på 25 da fulldyrka jord, 2,1 da overflatedyrka jord og 0,1 da innmarksbeite. Uproduktiv skog og anna areal utgjer 79,5 da. Bruket sitt samla areal er 106,7 da. Kvalsvik er i tillegg eigar av gnr. 20 bnr. 1.

Det ligg føre uttalar frå følgjande høyringsorgan:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 24.10.2014

Fylkesmannen peikar innleiingsvis på ein del generelle ulemper knytta til det å ha bustadhus tett inntil tunet på eit gardsbruk, men konkluderar med at han ikkje vil gå imot den omsøkte frådellinga. Det vert i denne samanheng lagt vekt på at framlegg til ny kommuneplan legg til rette for spreidd busetnad i det aktuelle området. Fylkesmannen minner avslutningsvis om at saka også må jordlovbehandlast og at han ikkje har teke stilling til denne sida av saka.

Uttale frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor av 03.11.2014

Landbrukskontoret gjev i sin uttale ei grundig vurdering av ulike sider ved den omsøkte dispensasjonen/frådellinga. Innleiingsvis vert det peika på at ei frådelling av 1 tomt er mindre uheldig for landbruksdrifta på bruket samanlikna med opprinneleg søknad, der frådellinga galdt begge bustadhusa. Sett ut frå landbruksdrifta i det samla området meiner imidlertid Landbrukskontoret at dei negative konsekvensane er større. Det vert i denne samanheng vist til at den private gardsvegen fram til tomta går gjennom 2 tun med aktiv gardsdrift.

Med tanke på styrking av busettinga på Runde viser Landbrukskontoret til at jordlova opnar for å vurdere omsynet til fast busetting framfor drifts- og miljømessige ulemper for landbruket, men meiner likevel at omsynet til landbruket må vege tyngst i denne konkrete saka.

Landbrukskontoret peikar også på at ei frådelling vil gjere huset til ein fritt omsetteleg bustadeigedom og med det ei uheldig samanblanding av landbruksverksemd og privat busetting. Det er etter Landbrukskontoret si vurdering ein skilnad mellom eit utleigehus og eit bustadhus i privat eige sett i høve til kva påverknad ein privat huseigar vil kunne ha på evt. plager (støy, lukt og støv) knytta til gardsdrifta. Ved frådelling vil dessutan ny eigar vere avhengig av bruksrett til den private veggen.

Landbrukskontoret konkluderar i sin uttale med at i denne saka må dei drifts- og miljømessige ulempene for landbruket vege tyngre enn omsynet til fast busetting og rår på dette grunnlag frå at det vert gjeve løyve til frådelling som omsøkt.

Vurdering og konklusjon:

Det omsøkte tiltaket ligg rett ovanfor gravplassen på Runde og innanfor eit samanhengande landbruksområde på sørsida av øya. Tilkomsten går via gardsvegen til bruket som den aktuelle tomte i dag er ein del av. Tiltaket ligg elles i område som i tidlegare kommuneplan var avsett til LNF-formål og ei frådelling ville då såleis vere avhengig av ein dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen, jfr. PBL § 19-2. Når det elles gjeld vurderinga av søknaden talar det til søkjaren sin fordel at ny kommuneplan (vedteken 30.10.2014) legg til rette for spreidd busetnad i det aktuelle området.

I føresegnene til ny arealdel er det opna for inntil 10 nye frådelingar innanfor det samla «bustadbeltet» på sørsida av Runde. Dette saman med endra arealbruk i den nye kommuneplanen inneber at søknaden ikkje lenger er ei dispensasjonssak. Saka må imidlertid framleis behandlast i medhald av jordlova § 12.

Fylkesmannen konkluderar i sin uttale med at han ikkje vil frårå den omsøkte frådelinga. Til liks med Landbrukskontoret er også Fylkesmannen på generelt grunnlag inne på ein del ulemper ved å blande bustadmiljø og gardsdrift, men viser til at dette vil vere gjeldande i like stor grad enten huset vert leigd bort eller overteke av ny eigar. Landbrukskontoret har ut frå tilsvarande vurderingar kome til ein motsatt konklusjon.

Med manglande uttale frå Fylkeskommunen legg ein til grunn at dei ikkje har merknader til saka. Det vert vidare vist til at det ikkje er registrert særlege miljøverdiar i området som kan verte skada av tiltaket og tiltaket vert heller ikkje vurdert å kunne resultere i noko uforsvarleg belastning og/eller innebere nokon irreversibel skade på økosystemet i området, jfr. naturmangfaldslova §§ 8-10.

I ein temaplan til ny arealdel er det vist faresoneområde (ras- og skredfare) på heile sørsida av Runde. Basert på konkret/lokal informasjon knytta til dette området er det ikkje registrert noko som tilseier at eksisterande busetnad her er utsett for rasfare.

Rådmannen legg til grunn at dette ikkje lenger er ei dispensasjonssak, men vert å behandle som ei vanleg delesak. Når det gjeld frådelingar innanfor LNF-område der spreidd utbygging vert tillate (SB-område i ny plan), heiter det at nye bustadtomter ikkje skal plasserast på dyrka jord og så langt råd i nærområde til eksisterande busetnad. Begge desse vilkåra er oppfylte i den no aktuelle søknaden og med basis i vedteken arealbruk i ny kommunplan med tilhøyrande føresegner vil difor rådmannen konkludere med å tilrå frådeling som omsøkt.

Konsekvensar for folkehelse:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Det omsøkte tiltaket vert vurdert til ikkje å ha særskilde konsekvensar for beredskapen i området.

Konsekvensar for drift:

Det omsøkte tiltaket vert heller ikkje vurdert til å ha særskilde driftskonsekvensar.

Konsekvensar for økonomi:

Det omsøkte tiltaket har ingen økonomiske konsekvensar.

Fosnavåg, 06.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Hallvard Rusten

E)14/42

Herøy Kommune
6090 Fosnaåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
2014/42	AK.
25 AUG. 2014	
Akkurat P	
Zak brukt S	
J.M.	Takert
Kassasjon	

Søknad om frådelling av bustadbus på Runde gnr 9 bnr 8

Underteikna søkta på frådelling av begge bustadhusa på garden tidlegare i år utan at løyve til berre eit av husa vart vurdert.

Ved konsesjonsøknaden då eg kjøpte garden var det forutsetninga at husa kunne frådelast då garden var kjøpt som tilleggsjort til bruket i Torvik eg driv i dag, men eg vart diverre nødd til å overføre garden til dotter mi for at ho skulle kunne få bygge på garden der. Og vedtak om samanslåing med Torvik eg gjordt ikkje mindre enn to gangar.

Husa på Runde krev store vedlikehald som ikkje er særleg lønnsamt når ein likevel ikkje får leige ut meir enn eit av dei.

Eg søker derfor løyve til å frådele det gamlaste som ikkje er utleigt. Garden vert nytta som tilleggsjort til bruket i Torvik og ein kan ikkje sjå at det skulle være problem å frådele huset som kan få eiga innkjørsle frå den private bygdevegen rett inn til huset gjennom den frådelte eigedomen

Det skulle då ikkje kunne oppstå problem for eventuell drift då dette vert ei heilt avskild tomt. Og ein skulle såleis ikkje få driftsulemper om bruket event. skulle starte eigen produksjon seinare om ein ønsker det, då tomte også skal innegjerdast og såleis ikkje kunne være fysisk tilgjenge for event beitande dyr.

Driftsbyggingane elles er i ein slik forfatning at oppstart med husdyrprod. Slik før er heilt usannsynleg, då gjødsellager og anna er tot. ubrukeleg.

Håper søknaden kan imøtekomast og folk kan flytte til Runde og nytte dei husa som i dag står tome, Eg har ein interresert kjøpar om dette går i orden, og kommunen vil få ein ny inbyggjar slik at folketalet aukar slik planane er for kommunen.


Viser elles til at naboeigedomen har fått frådelt eit hus midt i tunet utan eigen veg eingang.

MVH

Oddmund Kvalsvik
Torvika 39

6095 Bølandet den 25.08 2014

Vedlegg lenk 1:1000



**Herøy
kommune**

Grunnkart
Målestokk: 1:1 000
Dato 25.08.2014


30 m

Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommen, skal bestilles skriftlig hos kommunen.
Ellers står ikke kommunen ansvarlig.





Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
28 OKT. 2014	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune Frådeling av bebygd bustadtomt gnr9 bnr8 - Oddmund Kvalsvik Fråsegn til søknad om dispensasjon frå kommuneplan

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Landbruksinteresser

Frådelingssøknaden omfattar denne gongen berre eitt av bustadhusa på landbrukseigedomen, medan førre gong var det søkt om å dele frå begge bustadhusa. Det vart det ikkje gitt løyve til. Eigedomen gbnr 9/8 har om lag 25 dekar fulldyrka jord, 2 dekar overflatedyrka jord og 80 dekar uproduktiv skog. Eigar eig også gbnr 20/1, som ikkje ligg i nærleiken. Tunet der begge bustadhusa og driftsbygningen ligg framstår som tett, og ligg som ein del av ei stripe med gardsbebyggelse, der det er dyrka mark både ovanfor mot fjellet og nedanfor mot sjøen. Eigedomen ligg i eit utprega landbruksområde.

Frådeling av omsøkte hus vil medføre at det opprettast ein bustadeigedom i eit tun i eit aktivt landbruksområde. Slike frådelingar medfører ofte ulemper for landbruksdrift, og dessutan opplever også ofte dei som bur i her og ikkje har tilknytning til gardsdrift, miljømessige ulemper knytt til støy, lukt og støv. Samstundes må ein peike på at i framlegg til ny kommuneplan ligg omsøkte tomt innanfor LNF-område der spreidd utbygging vert tillate. Det er såleis konkludert med at ein ønskjer å tillate noko spreidd busetnad som ikkje er ein del av landbruksnæringa i denne etablerte stripa med gardsbusetnad. Planen er ikkje godkjend, men etter det Fylkesmannen har grunn til å tru, er det ikkje usemje om framlegget på dette området. Dersom planutkastet ikkje vert endra, vil det altså bli i tråd med overordna plan å tillate nokre bustader som ikkje er knytt til landbruksdrift i dette området.

Vegtilknyttinga til omsøkte hus går austover frå huset, og etter eit par hundre meter tvers gjennom tunet på eit aktivt mjølkebruk. Dette er ein tilkomst som fort gir driftsmessige ulemper for mjølkebruket. Fylkesmannen kan likevel ikkje sjå at det er grunn til å forvente større skilnad i ulemper anten omsøkte hus er bortleigd eller om det får nye eigarar.

Ut frå desse momenta vil Fylkesmannen ut frå planomsyn ikkje gå imot omsøkte frådeling.

Vi minner om at saka må jordlovhandsamast, og vi har ikkje tatt stilling til dei jordlovsmessige sidene ved frådelingssaka.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Jon Ivar Eikeland
fagsjef

Fagsaksbehandlar:

Landbruk: Rådgivar Kari Bjørnøy tlf: 71258122

Kopi: Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Søre Sunnmøre landbrukskontor

Saksnr
2014/42

Arkivkode
9/8

Dato
03.11.2014

LANDBRUKSFAGLEG UTTALE TIL SØKNAD FRÅ ODDMUND KVALSVIK 9/8 OM FRÅDELING AV BEBYGD BUSTADTOMT

Søknaden gjeld frådeling av ein parsellar på 1 dekar med bustadhus. Huset ligg i tunet saman med eit anna bustadhus og løda på garden. Planstatus er LNF og søknaden treng dispensasjon frå arealformålet i kommuneplanen og vedtak etter §12 i jordlova.

Kvalsvik søkte om frådeling av begge dei to bustadhusa den 17.11.2013. Han fekk avslag på søknaden etter vedtak i MTK-sak 35/14.

No søker han om å få dele frå bustadhuset som han meiner ligg best til rette for frådeling. Han skriv at huset får egen tilkomst frå bygdevegen. Han viser og til at det er delt ifrå eit bustadhus på naboeigedomen. Det gjeld 9/96 som er delt ifrå 9/10. Bustadhuset på 9/96 vart delt ifrå før 1965. Den gongen gjaldt ikkje jordlova for frådeling av areal som var mindre enn 2 dekar. Den frådelinga Kvalsvik viser til er ikkje handsama etter jordlova. Det er difor ikkje relevant å samanlikne dei to sakene.

Vi tek opp at utrag frå landbrukskontoret si uttal til MTK-sak 35/14:

Den 10. februar var søkjar og underteikna på synfaring på eigedomen. Kvalsvik nyttar markane til slått og beite . Bustadhusa som er søkt frådelt vert leigd ut.

Oddmund Kvalsvik skriv i søknaden er at bruket er godkjend som tilleggsjord.

Gnr 17 bnr 1 var Kvalsvik sitt opphavlege bruk. I 2003 fekk han kjøpe gnr 20 bnr 1 som tilleggsjord til 17/1. Det vart sett vilkår i konsesjonsvedtaket om samanføyning. I 2005 kjøpte han gnr 9 bnr 8, då vart det ikkje sett vilkår om samanføyning i vedtaket. Det vart gjort nytt vedtak i desember 2007 om konsesjon på 9/8, då vart det sett vilkår om samanføyning med 17/1.

Oddmund Kvalsvik eig i dag 9/8 og 20/1 i Herøy. 17/1 vart seld til dotter og svigerson i april 2009. Løyve til salet vart gjort etter delingsvedtak i kommunen.

Når Oddmund Kvalsvik no skriv i søknaden at 9/8 er tilleggsjord, så er det å forstå som tilleggsjord til 20/1 då ha ikkje lenger eig 17/1. Husa på 20/1 vart delt ifrå då eigedomen vart seld til Kvalsvik. Dei bustadhusa som ligg til bruket 9/8 og 20/1 ligg på 9/8. Det kan og opplysast i saka at Kvalsvik fekk dele frå eit av husa på 17/1 då dotter og svigerson tok over. Det var i desember i 2008. Huset ligg på 17/70 og er ikkje del av driftseininga.

Under grunngjevinga i søknaden nemner Oddmund Kvalsvik at det er søkt om og gitt løyve til "oppdeling" to gonger. Det ligg ikkje føre søknad om frådelling eller løyve til frådelling av dei to bustadhusa på 9/8. Heradsagronomen var nok positiv i si tid til at husa/ tunet på 9/8 kunne delast ifrå, jmf tilleggsjord, men situasjonen den gongen var at Kvalsvik framleis eigde 17/1 med to bustadhus.

Etter opplysningar frå www.skogoglandskap.no har eigedomen følgjande areal: Innmarksareal utgjer fylldyrka jord 25 dekar, overflatedyrka jord 2,1 dekar og innmarksbeite 0,1 dekar. Uproduktiv skog og anna areal utgjer 79,5 dekar. Totalt areal på gnr 9 bnr 8 er 106,7 dekar.

§ 12 i jordlova – deling.

Ved avgjerd av om samtykke til deling skal givast, skal det leggjast vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket. I vurderinga inngår mellom anna omsynet til vern av arealressursane, om delinga fører til ei driftsmessig god løysing, og om delinga kan føre til drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området. Det kan leggjast vekt på andre omsyn dersom dei fell inn under formålet i jordlova.

Sjølv om det etter tredje ledd ikkje ligg til rette for å gi samtykke til deling, kan samtykke givast dersom deling vil vareta omsynet til busetjinga i området.

Vurdering og konklusjon:

Vi har vurdert kva ulempe frådelinga vil gje for landbruksdrifta på bruket og for landbruksdrifta i området opp mot omsynet til busetting.

Parsellane som er søkt frådelt er del av tunet på bruket. Kvalsvik skriv at han kan opparbeid ny tilkomst til huset slik at tilkomsten kjem lengre vekk frå løda. Den private gardsvegen fram til bruket går og gjennom tuna på andre gardsbruk.

Samanlikna med den førre søknaden til Kvasvik, der det var tale om å dele frå to bustadhus, er løysinga han søkjer om no mindre uheldig for landbruksdrifta på bruket. Han presiserer og at hustomta kan gjerdast inn viss det vert sjølvstendig drift på bruket seinare.

Når det gjeld omsynet til landbruksdrifta i området vert dei negative konsekvensane større. Vi ser det som svært problematisk at den private gardsvegen fram til

parsellen går gjennom to tun med aktiv gardsdrift. Det ein bruket med mjølkeproduksjon og det andre med sauedrift.

Med tanke på å styrke den faste busettinga på Runde er det positivt med ei frådelling av parsellen. Jordlova opnar opp for at ein kan vurdere omsynet til busetting framfor drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Likevel meiner vi at omsynet til landbruket må vege tyngst i denne saka. Tilkomsten gjennom tunet på dei to nabobruka går kloss oppi den næringa som vert drivi på bruka.

Frådelling av omsøkte parsell vil føre til at huset vert eit fritt omsettelege bustadhus. Delinga fører til ei uheldig samanblanding av landbruksverksemd og privat busetting. Skilnaden mellom eit utleigehus og eit bustadhus som er i privat eige er kva påverknad ein privat huseigar kan ha på klaging på dei miljømessige ulempene som støy, lukt og støv. Ved ei frådelling vert ein ny eigar avhengig av å få løyve til bruksrett på den private vegen.

Etter vår oppfatning må omsynet til dei drifts- og miljømessige ulempene for landbruket vege tyngre i denne saka enn omsynet til fast busetting. Vi rår difor ifrå at det vert gitt løyve til frådelling som omsøkt.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg



9/10

OMSØKT FRÅDELING



9/9

9/14


9/8

 HERØY KOMMUNE

10.12.2013 1:1000

Det kan forekomme feil i kartet





**Herøy
kommune**

Kommuneplan
Målestokk: 1:5 001
Dato 06.11.2014



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eiendommer, skal bestilles skriftlig hos kommunen.
Ellers står ikke kommunen ansvarlig.





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2014/645
		Arkiv:	32/2

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
118/14	Maritim og teknisk komite	25.11.2014

KNUT STØRØY - 32/2 - DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSFØRESEGNENE TIL RP 1515200101 VEG MJØLSTADNESET - VEDR OPPFØRING AV 2 STK SJØBUDER

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite vedtek at det med heimel i PBL § 19-2 vert gitt dispensasjon frå §§ 1 og 9 i reguleringsføresegnene til RP 1515200101 Veg Mjølstadneset. Knut Storøy får dispensasjon til oppføring av 2 stk sjøbuder i rekke med 2 etg, maks mønehøgde 6,20 m, vidare slepp Storøy å utarbeide tomtedelingsplan for prosjektet.

Oppføring av 2 stk sjøbuder i rekke vert godkjent på følgjande vilkår:

Bygga skal ha maks mønehøgde på 6,20 m.

Bygga skal tene fiskerirelatert aktivitet og ikkje nyttast til varig opphald.

Bygga skal ikkje innehalde altan eller oppløft.

Frambygg vert godkjent med luke til å ta opp vegn.

Dispensasjonen vert grunngjeven med at tiltakshavarane er registrerte fiskarar og har fiskeri som hovudnæring. Høgda på bygga er tilpassa eksisterande høgder i området og tilsidesett difor ikkje området sine kvalitetar. Omsøkt flytebrygge og installeringa av toalett vert ikkje godkjent i denne saka då forhold knytt til desse tiltaka ikkje er avklart av søkjar/tiltakshavar.

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Knut Storøy, Nedre Hjelmeseth 13, 6091 Fosnavåg
Sunnmørshus as v/Lars Slåtten Gjesdal, Holmsildgata 12, 6090 Fosnavåg
Herøy Byggsenter as, Kvalsund, 6098 Nerlandsøy

Vedlegg:

- 1 01 – Søknad, 10.09.2014
- 2 02 - Status i saka, 13.10.2014
- 3 03 - Klar til MTK, 17.10.2014
- 4 04 - Teikningar + situasjonkart, 31.10.2014

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Saka vart først omsøkt 10.04.2014 og besvart av utviklingsavdelinga 28.04.2014. Dette vart ikkje følgt opp av søkar/tiltakshavar før ny søknad kom inn 10.09.2014. Herøy Byggsenter as har med utfylt søknadskjema datert 10.09.2014 søkt om oppføring av 2 stk sjøbuder i rekke. Dette er ein ny søknad. Ny søknad var også mangelfull i forhold til søknad om dispensasjon frå reguleringsføresegner i gjeldande reguleringsplan for området. Utviklingsavdelinga orienterte om status i saka 13.10.2014 og den 17.10.2014 vart det sendt ut eit brev med konkrete krav til supplering av søknaden.

I etterkant av dette kom det inn nye målsette teikningar av sjøbudene på epost, innregistrert 31.10.2014. Rettighetsforhold knytt til bryggeplassering og søknad om utsleppsløyve var endå ikkje innregistrert i saka.

Utviklingsleiar ga likevel klarsignal til politisk behandling av dispensasjonsspørsmålet for sjølve utforminga av bygga.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vurderer det slik at vilkåra for å gi dispensasjon er oppfylt. Ein dispensasjon i denne saka vil ikkje tilside sette formålet bak føresegnene det vert dispensert frå eller pbl sin formålsparagraf. Etter ei samla vurdering vil dispensasjonen gi klart større fordelar enn ulemper for den framtidige bruk av sjøbudene kopla inn mot fiskeri.

Rådmannen viser til at tiltaket er nabovarsla og det har ikkje kome inn merknader til omsøkt tiltak. Det er allereie eksisterande bygg på tomta og det nye tiltaket tilpassar seg høgdene på dei andre eksisterande budene i området, med ei maks mønehøgd på 6,20 m. Dei omsøkte sjøbudene skal nyttast til fiskeri/næringsaktivitet. Begge tiltakshavarane er registrerte fiskarar på blad B i fiskarmanntallet og har fiskeri som hovudnæring.

Flytebryggeplassering :

Det er i søknad også presentert eit opplegg for ny flytebrygge. Tiltakshavar er beden om å gjere greie for/ dokumentere rettighetsforholda for denne omsøkte bryggeplasseringa.

Utviklingsavdelinga finn ikkje slik dokumentasjon i sitt system og i telefonsamtale med ansvarleg søkar i saka, Lars Slåtten Gjesdal, 13.11.2104 kom det fram at tiltakshavarane heller ikkje har slik dokumentasjon. Med bakgrunn i dette vel ein å ikkje godkjenne omsøkt flytebrygge i denne omgang. Flytebrygge kan difor kun plasserast utanfor eigen eigedom - gnr 32, bnr 2.

Sanitærtilkobling/wc avløp :

Søknad om dette låg ikkje ved søknaden. Utviklingsavdelinga har purra på tiltakshavar og ansvarleg søkar for å få dette på plass. I telefonsamtale med ansvarleg søkar i saka, Lars Slåtten Gjesdal, den 13.11 2014 kunne han bekrefte at dei ville sende inn slik søknad. Sidan denne ikkje er komen med i saka før no like før politisk handsaming i MTK vel ein å ikkje ta stilling til spørsmål om etablering av toalett i dei omsøkte bygga. Dette vert ei eiga sak som først må handsamast av Anlegg og driftsavdelinga. Området er slik utviklingsavdelinga ser det utfrodrande mht utslepp. Det er strenge krav i området. Toalett vert ikkje godkjent i denne sak.

Etter ei samla vurdering rår rådmannen MTK til å tilrå dispensasjon frå §§ 1 og 9 i reguleringsføresegnene til RP «Veg Mjølstadneset», planid 1515200201 og krav om tomtedelingsplan for bygging av 2 sjøbuder på 32/2.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 14.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Søknaden gjelder

Vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. § 21-7 annet ledd, OPPFYLLES.
Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	32	2	Nedre Hjelmeset, 6092 Eggesbønes

Tiltakets art

Søknadstype	Tiltakstype	Næringsgruppekode	Bygningstypekode
Ettrinnsøknad	Nytt bygg under 70 m ² - ikke boligformål	A Jordbruk, skogbruk og fiske	245

Formål	Beskrivelse av bruk
annet	Sjøbu

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Telefon
privatperson	STORØY KNUT	NEDRE HJELMESET 13, 6091 FOSNAVÅG	70088037

e-postadresse
johnny@heroy-byggsenter.no

Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse	Kontaktperson	Telefon
Herøy Byggsenter AS	941532446	Kvalsund, 6098 Nerlandsøy	Lars Slåtten Gjesdal	97567745

Mobiltelefon e-postadresse
97567745 lars@heroy-byggsenter.no

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling

Det foreligger ingen merknader fra naboer eller gjenboere

Følgerev

Søknad om oppføring av 2 stk Sjøbuder på Nedre Hjelmeset inkludert tilhørende flytebrygge som vist inntegna på kartet.

NB!

Søknad er tidlegare innsendt.

Endring i denne søknad gjeld betegnelse/type bygning. Det er endra frå Naust til Sjøbud.

Arealdisponering

Planstatus mv.

Type plan	Navn på plan
Reguleringsplan	VEG MJØLSTADNESET

Reguleringsformål
Annet byggeområde

Beregningsregel angitt i gjeldende plan	Grad av utnyttning iht. gjeldende plan
Annet	100%?

Tomtearealet

Bygeområde/grunneiendom	171,00 m ²
- Ev. areal som trekkes fra iht. beregningsregler	0,00 m ²
+ Ev. areal som legges til iht. beregningsregler	62,00 m ²
= Beregnet tomteareal	233,00 m ²

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Bebyggelsen

Beregnet maksimalt byggeareal iht. plan	233,00 m ²
Areal eksisterende bebyggelse	0,00 m ²
- Areal som skal rives	0,00 m ²
+ Areal ny bebyggelse	120,00 m ²
+ Parkeringsareal	36,00 m ²
= Sum areal	156,00 m ²

Grad av utnyttning

Beregnet grad av utnyttning	67,00
-----------------------------	-------

Plassering av tiltaket

Høyspent kraftlinje er ikke i konflikt med tiltaket.
Vann og avløpsledninger er ikke i konflikt med tiltaket.

Bygningsopplysninger

	m ² BYA	m ² BRA			Antall bruksenheter		
		Bolig	Annet	I alt	Bolig	Annet	I alt
Eksisterende	0,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Ny	156,00	0,00	0,00	0,00	0	2	2
Åpne arealer/Enheter som fjernes	36,00	0,00	0,00	0,00	0	0	0
Sum	120,00	0,00	0,00	0,00	0	2	2

Antall etasjer etter at tiltaket er gjennomført: 2

Krav til byggegrunn

Flom

Byggverket skal IKKE plasseres i flomutsatt område

Skred

Byggverket skal IKKE plasseres i skredutsatt område

Andre natur- og miljøforhold (pbl § 28-1)

Det foreligger IKKE fare eller vesentlig ulempe som følge av andre natur- og miljøforhold.

Tilknytning til veg og ledningsnett

Adkomst

Tiltaket gir ikke ny/endret adkomst.

Tomta har adkomst til kommunal veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel. Avkjørselstillatelse er gitt.

Vannforsyning

Tomta er tilknyttet offentlig vannverk

Vanntilførsel krysser IKKE annens grunn.

Avløp

Tomta er tilknyttet privat avløpsanlegg

Det skal installeres vannklosett.

Søknad om tillatelse i ett trinn

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Det foreligger IKKE utslippstillatelse.
Avløpsanlegg krysser IKKE annens grunn.

Overvann

Takvann/overvann føres til terreng

Løfteinnretninger

Løfteinnretninger

Det er IKKE løfteinnretninger som omfattes av TEK i bygningen
Det planlegges IKKE en slik innretning

Vedlegg

Vedleggstype	Gruppe	Beskrivelse av vedlegget	Hvordan oversendes vedlegget?
Kvittering for nabovarsel	C		Vedlagt søknaden
Situasjonsplan	D		Vedlagt søknaden
Tegning ny fasade	E		Vedlagt søknaden

Erklæring og signering

Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven. En er kjent med reglene om straff og sanksjoner i pbl. Kap. 32 og at det kan medføre reaksjoner dersom det gis uriktige opplysninger

Ansvarlig søker

Ansvarlig søker bekrefter at tiltakshavers underskrift på en kopi av søknaden kan dokumenteres.

Dato 10.09.2014

Signatur Søknaden er elektronisk signert
Herøy Byggsenter AS

Tiltakshaver

Dato _____

Signatur _____

Gjentas med blokkbokstaver

Gjennomføringsplan



Søknaden gjelder

Eiendom/Byggested

Kommune Herøy i Møre og Romsdal Gnr. Bnr. Adresse Versjonsnr. Dato Sign.Ansv.søker
32 2 Nedre Hjelmeset, 6092 Eggesbønes 1 10.09.2014 Elektronisk signert

Beskrivelse fagområde

Prosjektering

Fagområde	Ansvarsområde	Tilsklass	Foretakets navn	Søknad om rammertilatelse	Søknad om igangsettings tilatelse /ett-trinn søknad	Søknad om midlertidig bruks tilatelse	Søknad om ferdigattest	Arbeidet innenfor ansvarsretten er avsluttet
Arkitektur	Arkitektur	1	941532446 Herøy Byggsenter AS		10.09.2014		X	X

Utførelse

Fagområde	Ansvarsområde	Tilsklass	Foretakets navn	Søknad om rammertilatelse	Søknad om igangsettings tilatelse /ett-trinn søknad	Søknad om midlertidig bruks tilatelse	Søknad om ferdigattest	Arbeidet innenfor ansvarsretten er avsluttet
Overordnet ansvar for utførelse - bygning, anlegg, konstruksjon, tekniske installasjoner	bygning, anlegg, konstruksjon, tekniske installasjoner	1	941532446 Herøy Byggsenter AS				X	X



NOTAT

Til: Utviklingsavdelinga

Frå: Utviklingsavdelinga

Saksnr
2014/645

Arkivkode
32/2

Dato
13.10.2014

STATUS I SAKA

EPOST TIL LARS SLÅTTEN GJESDAL:

Viser til ny innregistrert søknad i denne sak datert 10.09.2014 - viser vidare til tidlegare utsendt info i saka, jf brev ut 28.04.14 og 16.05.2014 - det må søkast dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan/føresegner - kan ikkje sjå at det følger den nye søknaden - når slik ligg føre vil vi handsame dispensasjonsspørsmålet før byggesaka.

Sjå § 1 og § 9 i føresegnene til gjeldande plan - planid 1515200201 Veg Mjølstadneset

Med helsing

Eivind Flåskjer

Då fekk eg klarsignal frå utviklingsleiar til å fremme denne saka politisk - men først må følgande på plass frå søkar/tiltakshavar:

1. Målsette teikningar som syner totalhøgde (mønehøgde) på omsøkte bygg.
2. Avtale knytt til rettighetsforhold vedr bryggeplassering.
3. Det må søkast om utsleppsløyve til anlegg og driftsavdelinga - strenge krav til utslepp i dette området- kontaktperson Fred Arnesen.


Saka vert sett til handsaming når utviklingsavdelinga mottok svar/dokumentasjon på desse forholda.

Mvh Eivind Flåskjer

Utviklingsavdelinga


Herøy kommune

IKKJEGODKJENT




FASADER SJØHUS FOR KNUK STORRE OG ENDRER NO

22/11/14 36




Opplytt i leie godkjent



Loft Plan.

mål: 1-100 22/1-14 Js.

Oppløst i følge godkjent



SMITT


mål: 1-100 22/1-14 36.

1-600

1-480

1-530

1-0.40





Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	AF	Arkivsaknr:	2012/315
		Arkiv:	L32

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
119/14	Maritim og teknisk komite	25.11.2014

KLAGER PÅ VEDTATTE ADRESSENAMN I MTK-SAK 106/12

Tilråding frå rådmannen:

A.

Maritim og teknisk komite vedtek i medhald av Lov om stadnamn §5 at skrivemåten av adressenamna :

- Nautøya
- Botnevegen
- Goksøyvegen

ikkje vert endra og vert vidareført som idag.

B.

MTK vedtek i medhald av Matrikkelloven §21 og matrikkelforskrift §50 at forslag til nye adresseparsellar og adressenamn:

- Notbergvegen
- Nybøvegen
- Sætremyrvegen
- Strynehaugbakken/Strynehauglia
- Skarvegen/Skaravegen
- Myrvågneset
- Aurvågane
- Aurvågvegen

vert lagt ut til høyring.

Særutskrift:
Utviklingsavdelinga
Notøy Grendalag v/ Solfrid Hagemann, Nautøya 96, 6070 Tjørvåg

Vedlegg:

1. Innsendte klager
2. Utale frå Språkrådet Stadnamnteneste på Vestlandet om namnet Nautøya, 12.06.2014
3. Utale frå Herøy Mållag, 29.04.2014
4. Utale frå Kartverket om namnet Strynehaugen, 30.04.2014
5. E-post frå Herøy Sogelag v/ Johan Moltu om Strynehaugen, 30.04.2014

Status:

Maritim og teknisk komité vedtok 11.12.2012, sak MTK-sak 106/12, adressenamn og skrivemåte av namna for fleire vegar i kommunen.

Bakgrunn:

Adresseprosjektet vart starta i 2012. Oppstart av prosjektet vart annonsert i avisa Vestlandsnytt og på kommunen si heimesida i januar, der ein skreiv at alle kan komme med eigne namneforslag til adresseparsellane.

Maritim og teknisk komité vedtok 28.08.2010, sak MTK-sak 71/12, adressenamn for fleire vegar i kommunen. Melding om vedtak vart sendt til Herøy Sogelag, Herøy Mållag, Språkrådet, Stadnamnteneste på Vestlandet og annonsert i avisa Vestlandsnytt og på kommunen si heimeside. Frist for å komme med merknadar vart sett til 26.10.2012. Vedtak av adressenamn og skrivemåte vart gjort i 12.12.2012, sak MTK-106/12. Vedtaket vart kunngjort i Vestlandsnytt 08.01.2013. Innan klagefristen vart det sett fram to klager:

- Knut Torsethaugen 09.01.2013 – Han klagar på skrivemåten av namn Torsethaugen. Det vart gjort nytt vedtak 25.06.2013, sak MTK-59/13. Namnet vart endra til Torsethøgdsvegen.
- Kjell Inge Nerlid 23.01.2013. – Klagar om adressenamn Pegardsvegen. Klage over val av namn er eit vanlig kommunalt vedtak som ikkje er gjenstand for formell klage.

Tildeling av adressenummer og utsending av brev til eigarar vart påbegynt 16.10.2013.

Saksopplysningar:

Adressemynda har mottatt totalt 17 klager om val av vegnamn og inndeling av adresseparsellar etter klagefristen. Det er viktig i adresseforvaltning å skilje mellom:

- klage som gjeld adressesetildeling
- klage som gjeld val av namn i adressesammenheng
- klage som gjeld skrivemåten av namn.

Det første er regulert i matrikelova §46 bokstav f, jf. matrikkelforskrifta § 22 (nummer og vegtilknytning), det andre er eit vanleg kommunalt vedtak der det ikkje er høve til å klage, det tredje er regulert av stadnamnlova §10.

Alle mottatte klager er om val av namn. Val av namna er kommunalt vedtak der det er ikkje høve til å klage.

Ved val av namn er det viktig å følge prinsipp som er skrivne i kapittel 6.6.1 i «*Om tildeling og forvaltning av adresser etter matrikellova. Adresseveileder*». Stor del av innsendte klager er grunngevn med prinsipp:

- *navnet bør bygge på og føre vidare den lokale navnetradisjonen*
- *navnet bør passe på stedet.*

Adressemynda ved innføring av adresseparsellar held seg til retningsliner som er skrivne i «*Forskrifta for namnsetting, adressering og adresseforvaltning, Herøy kommune*» i §5.3:

Sidevegar til ein overordna veg bør gjevast eige adressenamn dersom sideveger er:

- a. kortare enn 200m og fører til minst 14 adresseeiningar
- b. lengre en 200m og fører til minst 7 adresseeiningar

og i §5.5:

«For å gjere det lettare å finne fram kan kommunen gjere unntak frå dei grensene som er sett i nr. 3 og 4. Unntak kan også gjerast dersom formålet er å unngå større endringar i det etablerte adressesystemet. Det kan også takast kulturhistoriske omsyn ved namnsetjing».

Namnemynda vil vurdere på nytt val av namn og inndeling av adresseparsellar der det er innsendte klager.

Vurdering og konklusjon:

Pegardsvegen - Aslaug og Kjell Inge Nerlid, Ørjan Nerlid, Marthe Nerlid og Nancy Nerlid (48/65, Pegardsvegen 10), 23.01.2013

Nerlid mfl. vil ha nøytralt vegnamn på adresseparsellen. Pegarden er kallenamn på nabobruket. Dei foreslår alternativ: Notbergvegen eller Sjøbakken. Notaberget er namnet på berg nede ved naustet på bruket 48/4. Snuplassen og vegen ned til fellesnaust området er kalla Sjøbakken.

Eigaren av 48/2 (Pegardsvgen1) Øystein Aurvåg har innsendt klage at han vil ha adressenamnet Aurvågvegen.

Vår vurdering:

Vegstrekning er 270m lang og pr. i dag er det tilknytt 4 bustadar. I område er plass 2 – 4 bustadar til, og nede ved sjøen er det lagt ut i kommuneplanen ny byggeområde til fritid/turisme. Eigaren av 48/2 Øystein Aurvåg har innsendt klage at han vil ha adressenamnet Aurågvegen.

Konklusjon: Adressemynda rår til å legge ut adresseparsellen på høyring med namneforslag: **Notbergvegen**

Nautøya - Petter Notø (40/6, Nautøya 129,131, 13.02.2013) og Notøy Grendalag mfl., 05.03.2014 og 24.09.2014

Petter Notø meiner at Notøy eller Notø er korrekt skrivemåte på namnet. Det er fleire som har denne skrivemåten på personnamn.

Notøy Grendelaget meiner at den rette skrivemåte er **Notøy**. Grendelaget har samla fleire historiske dokumentar som viser korleis namnet vart skrive.

- I pantebok 1871-1875 er det skrevet Notø eller Notøen.
- Tidligare på øya var skule som heita Notøy skule og Notøy Krets.
- Frå kirkeboken 1908-1913 ble konfirmantene oppført tilhørende Notø
- Formannskap har vedtatt navnet på veiskiltet Notøy (1976)
- Der var trevarefabrikk som heita Notøy Kasse og Trevare fabrikk.
- Gamle karta i GPS viser stavemåten Notøy.

Vår vurdering:

I Sentralt stadnamnregister (SSR) står Nautøya som godkjend skrivemåte på øy (primærfunksjon).

Det vart sendt ny høyring til Språkrådet og Herøy Mållag, Herøy Sogelag (14.03.2014).

Utale frå Språkrådet, Stadnamntenesta på Vestlandet, 12.06.2014

Dei rår til kommunen å halde fast på vedtaket om nytte Nautøya som adressenamn.

«I matrikkelen frå 1907 er det aktuelle gardsnamnet skrive Nautøen og i band 13 i bokverket Norske Gaardnavne frå 1908 er det «nau' tønå» og denne uttalemåten åleine som er ført som munnleg gardsnamnform. Den munnlege stadnamnform med –au- i føreleddet har vore brukt i fleire hundre år.

I Sentralt stadnamnregister er det forma Nautøya som ligg inne som godkjend offisiell øynamnform.»

Utale frå Herøy Mållag

Dei skreiv at «Nautøya er eit stadnamn med dei krav til skrivemåte som går fram av lov om stadnamn».

Konklusjon: Adresse-mynda rår til å ikkje endre skrivemåten på adressenamnet Nautøya. Notøy Grendelaget kan ta opp namnesak med Kartverket som etter Stadnamlova §5. gjer vedtak om skrivemåten av øy. Dersom Kartverket endrar skrivemåten til Notøy, kan adressenamnet endrast.

Jøsokvegen 61, Bjørn Inge Taklo (80/1), 17.02.2014

Taklo klagar ikkje om vegnamn men vil ha adressetilleggsnamn Øyra som er bruksnamn på 80/1.

Vår vurdering:

Eigedomen 80/1 kan få adressetilleggsnamn. I matrikkelen er det registrert bruksnamnet Øren på eigedomen 80/1. I SSR er det registrerte stadnamn Øyrabrua og Gamle Øyrabrua men ikkje Øyra. Det er Kartverket som fastsetjer skriveformer til gardsnamn og bruksnamn, jf. Lov om stadnamn §5. Kartverket har godkjent Øyra som tilrådd skrivemåte på namneiningsplass i SSR (e-post av 17.10.2014).

Del av Jøsokvegen, Bjarne Taklo mfl. (80/2, Jøsokvegen 74), 12.05.2014

Dei vil ha adressenamn **Øyra** på eigedomar 80/2, 80/1, 80/3, 80/5 og 80/13. Klagen innheld også andre forslag om inndeling av adresseparsellar og vegnamn.

Vår vurdering:

Heile vegstrekninga frå Leikong til Voldnes vart tildelt som ei adresseparsell. Den bør ikkje delast på fleire parsellar.

Konklusjon: Klagarane kan få tildelt Øyra som adressetilleggsnamnet etter forespørsel ved skriftleg henvendelse til kommunen.

Tjørnvågvegen, sideveg opp til 53/81 , Arild Moldskred og Lillian Nybø Abeltun på vegne av alle som er tilknytt til vegstrekninga 07.03.2014

Klagarane vil ha eige namn på vegstrekninga: Nybøvegen. Dei seier at vegen er lenger enn 200m og har tilknytt 5 bustadar med 8 bueingar.

Vår vurdering:

Vegstrekning er 300m lang. Område i kommuneplan er regulert til spredt bustad. Her er plass for meir bustadar i framtida.

Nybø er bruksnamn på eigedomen 53/14 som var ikkje den første garen i område. I SSR er det registrert gardsnamn Byrkjehola i område. Etter forskrift kan vegstrekninga få eige vegnamn.

Konklusjon: Adresseparsell må leggast ut til høyring med namneforslag: **Nybøvegen**.



Tjørvgvegen 574 og 572, Paul Aurvågclid (50/1), 20.03.2014
Tjørvgvegen 566, Per Arne Berge (50/5), 24.03.2014

Klagarane vil ha vegnamn Aurvågclida. Dei meiner at Tjørvgvegen er veldig upresist og ikkje tek omsyn til kor viktig det er å behalde opprinnelege namn. Begge to klagarane har også innsendt klage at dei vil ha adressenamnet: Aurvågvegen.

Vår vurdering:

Dei tre adressene ligg på to vegstrekningar som er ikkje kobla saman.

Konklusjon: Klagarane kan få tildelt Aurvågclia som adrestitleggsnamn etter førespørsel ved skriftleg henvendelse til kommune. I SSR ligg to skrivemåtar på gardsbruk: Aurvågclia (godkjent) og Aurvågclida (godkjent men ikkje anbefalt).



Tjørvgvegen 547, Geir-Narve Aspevik og Synnøve Bigset Aspevik (50/16), 21.03.2014

Tjørvgvegen 521, Knut Norleif Aspevik (50/19), 21.03.2014
Tjørvgvegen 549, Nils Gunnar Toftesund (50/8), 24.03.2014

Klagarane vil ha vegnamn Aspevika. Dei meiner at Tjørvgvegen er veldig upresist og ikkje tek omsyn til kor viktig det er å behalde opprinnelege namn. Alle tre klagarane har også innsendt klage at dei vil ha adressenamnet: Aurvågvegen.

Vår vurdering:

Dei tre adressene ligg på to vegstrekningar som ikkje er kobla saman. Begge vegstrekninga er kortare enn 100m.

Konklusjon: Klagarane kan få tildelt Aspevika som adrestitleggsnamn etter førespørsel ved skriftleg henvendelse til kommune. I SSR ligg skrivemåte på gardsbruk: Aspevika (godkjent).



Tjørvgvegen 508, 512, 514, 516, 520, Brit Marie Nilsen, Egil Aspevik, Gunnar Aspevik, Endre Fugleseth, 24.03.2014


Klagarane vil ha vegnamn: Sætremyrvegen. Dei har brukt Sætremyr som vegadresse på breva i lang tid. Namnet Sætremyra står på gardskart/turkart. Dei vil ikkje miste namnet frå kart.

Vår vurdering:

Vegen er ca. 380m og til den er tilknytt 5 bustadar. Her er plass for fleire bustadar i framtida.

Sætremyr er bruksnamn på eigedomen 48/9. I SSR er registrert gardsnamn: Sætremyra som godkjent skrivemåte.

Konklusjon: Vegstrekninga kan få eige vegnamn. Adresseparsell må leggst ut til høyring med namneforslag: **Sætremyrvegen.**



Tjørnvågvegen 619, Bård Thorseth (48/20), 10.04.2014


Thorseth vil ha vegnamn Skjorhagen. Han skreiv at namnet er brukt mange år og for dei aller fleste er namnet kjent.

Klagaren har også innsendt klage at han vil ha adressenamnet: Aurvågvegen.

Vår vurdering:

Eigedommen er tilknytt Tjørnvågvegen. Klagaren har ikkje forklart nærmare om namnet. Namnet er ikkje registrert i SSR eller Matrikkelen som gardsnamn. Eigedommen 48/20 har bruksnamn Solbakken. Klagaren kan få Skjorhagen som adresses tilleggssnamn, men først må Kartverket godkjenne namnet som bruksnamn.

Konklusjon: Vegstrekning kan ikkje tildelast som eige adresseparsell.



Strynehaugen, Svein Selvåg (53/9), 24.03.2014

Selvåg meiner at namnet Strynehaugen er brukt på feil veg. Han seier at namnet Strynehaugen høyrer til eigedommen hans gnr. 53 bnr. 9. Staden fekk namnet Strynehaugen etter Rasmus Guddal kalt (Strynegubben) som busette seg på 53/9 i 1824. Han sjølv har tatt kontakt med Herøy Sogelag og Kartverket for utale.


E-post frå Kartverket, 30.04.2014

Strynehaugen er namnet på haugen bak gardsbruk 53/9. «Når namnet Strynehaugen har stått på kart som namn på ein haug i om lag 50 år utan at nokon har klaga på dette, må ein kanskje godta dette som faktisk namn på haug. Det er dermed, slik eg ser det, ikkje urimeleg å nytte namnet Strynehaugen som namn på ein veg som går oppetter denne haugen».

Dei rår kommunen til å sjå på saka ein gong til.

E-post frå Herøy Sogelag v/ Johan Moltu til Kartverket.

Han skreiv at «i bygdebøkene for Herøy står det under bnr. 9, gnr. 53 Tjørnvåg: «Plassen heitte opphavleg Arehaugen, vart seinare kalla Strynehaugen». Namnet er etter Rasmus Johannesson Guddal frå Stryn. Han fekk plass-setel her i 1824. Rasmus gjekk under namnet «Gamle-Strynen». «I 1870 fekk Elias Andersson Saunes skøyte på bnr. 9, og bruket hadde då namnet Haugelegene, men i daglegtale vart det kalla Strynehaugen. I 1933 vart bruket delt mellom brørne Elias og Osvald Selvåg (dottersøner til Elias Andersson). Elias sin part fekk bnr. 19 (og 17) medan Osvald hadde resten av bnr. 9. Bustadene under det som var bnr. 19, har no fått vegadresse Strynehaugen, medan eigedomane som seinare er frådelt bnr. 9, Strynehaugen, har fått vegadresse Tjørnvågvegen. Ut frå det som er skrive ovafor, skjønar vi godt at Svein Selvåg ynskjer å ha adresse Strynehaugen.»



Vår vurdering:

Namnet Strynehaugen står på ein haug i området. Adressenamnet Strynehaugen er allerede brukt for veg som går oppetter denne haugen.

Konklusjon: Adresseparsell som går til gnr. 53 bnr. 9 skal leggest ut til høyring med namneforslag: **Strynehaugbakken eller Strynehauglia**. Forklaring frå nynorskordboka: *Bakken - terrengskråning, særleg om sida av ein ås eller haug, Lia - bratt (og jamn) (fjell)skråning, oftast med gras eller skog; dal- eller ås side.*

Strynehaugen 2, 4, 6, Grete Bodil Notøy mfl., 07.07.2014

Vil ha egen adresseparsell med namnet Tuftene.

Vår vurdering:

Vegstrekning er 120m lang og der er tilknytta 3 bustadar pr. dag. I framtida er det plass for 2 bustadar til. Adressemyndet rår til å ikkje tildele vegstrekning som egne adresseparsell.

Konklusjon: Klagarane kan få Tuftene som adrestitleggsnamn etter førespørsel ved skriftleg henvendelse til kommune.




Tjørnvågvegen 250, 260, 262, 268, (248), Gerd N. Moltubakk 25.08.2014 og 01.10.2014

Moltubakk vil ha vegnamn Skarvegen eller Skaravegen. Veggen vart opparbeidd i 1943-1944. Arbeid vart gjort mykje på dugnad. Ho skreiv også meininga om andre vegnamn i område som er feil valde: Tjørnvågane (Skippergata), Tjørnvågvegen bør ikkje vere utan bygdegrensar

Vår vurdering:

Vegen er 400m og to siste bustadar ligg langt frå Tjørnvågvegen. I dag er det tilknytta 4-5 bustadar, men det er plass for fleire i framtida. Veg oppover er brukt som tursti til Sandvikskaret.


Konklusjon: Adresseparsell skal leggest ut til høyring med namneforslag: **Skarvegen/Skaravegen**



Botnevegen, Gotfred Voldnes, 06.09.2013

Voldnes meiner at det er feil namn på veggen. Botnen er beite og utmark som ligg ovanfor og høyrer til gnr. 79 bnr. 9 og bnr. 11. Det bør heite Plassevegen.

Vår vurdering:



I matrikkelen er det registrert Botnen som bruksnamn på eigeidomen 79/97. I SSR er der registrert gardsbruk Reset som einaste godkjent skrivemåte. I Herøyboka Heimar og Folk Band 2 står gardsnamnet Reset (Plassen), men Botnen som andre namn på gnr. 79 bnr. 25 (Nymark).

Adressemynda har ikkje mottatt fleire klagar frå dei som bur i dette område.

Konklusjon: Ikkje endre adressenamnet.

Tjørvågvegen, Torsethøgdsvegen, Aurvågvegen,

Magnulf Aurvåg (Tjørvågvegen 590, 592 – 48/21, 22), Ingar Hagen (Tjørvågv. 472, 474 – 48/28), Idar Fuglseth (Tjørvågv. 562, 564 – 50/2, 7), Per Arne Berge (Tjørvågv. 566 – 50/5), Snorre Fugleseth (Tjørvågv. 560 – 50/10), Knut Aspevik (Tjørvågv. 21 – 50/19), Knut Ove Aspevik (Tjørvågv. 545 – 50-4), Paul Aurvågglid (Tjørvågv. 574 – 50/11), Terje Ingar Gram (Tjørvågv. 589 – 48/35), Bård Thorseth (Tjørvågv. 619 – 48/20), Øystein Aurvåg og Janikke Kvalsund Aurvåg (Pegardsvegen 1 – 48/2), Magne Aurvåg (Torsethøgdv. 21 – 48/56), Janett Manlapaz Tandberg og Tommy Tandberg (Torsethøgdv. 17 – 48/3, 48/90), Jan Terje Thorseth og Gunn Sundgot Thorseth (Aurvågvegen 45 – 48/60), Bjørnar Thorseth (Aurvågvegen 43 – 48/33), Karin Bjerke (Aurvågvegen 40 – 48/32), John Idar Nygjerde (Aurvågvegen 39 – 48/27), Rigmor Fuglseth (Aurvågvegen 38 – 48/30), Anne – Karin Garnes Hareide (Tjørvågv. 601 – 48/6), Anne Lise Almenning (Tjørvågv. 573 – 48/49), Ståle Garnes (Tjørvågv. 595 – 48/80), Brit Marie Nilsen (Tjørvågv. 512 – 48/29), Endre Fuglseth og Olauq Møgedal Fugleseth (Tjørvågv. 514 – 48/9), Gunnar Aspevik og Heidi Therese N. Gardshol (Tjørvågv. 520 – 48/86), Gunnhild Aspevik og Egil Aspevik (Tjørvågvegen 508 – 48/50), 18.08.2014 og 08.09.2014

Klagnarane vil ha vegnamn Aurvågvegen for gard nr. 48 (Aurvågane) og nr. 50 (Aurvågglid). For eigedomar 48/29, 48/9, 48/86, 48/50 – Sætremyrane. Sidevegen til Thorsethgården – Thorsethhøgdsvegen.

I boka «Gardar og folk 3» går det fram at garden Aurvåg gnr. 48 er nemnd så tidleg som 1520. Garden Aurvågglid gnr. 50 som er ein del av bygda Aurvåg, var ein del av garden Aurvåg fram til 1754, då den vart fråskild om matrikulert.

Dei klager om at det er ikkje tatt omsyn til «Prinsipper for val av adressenamn» som står skrivne i Språkrådets brosjyre «Namnsetjing av gater og vegar»:

«Alle stadnamn, også adressenamn, representerer viktige språklege og kulturelle verdiar. Dei er ein del av lokalmiljøet og lokalhistoria, og dei er med på å styrkje folks kjensle av å høyre til på ein stad. Når ein skal gjere vedtak om nye namn, må ein ha i tankane et desse namna skal bli ståande i generasjonar.»

Vår kommentar:


Fylkesveg 654 og veg som går rundt Aurvågtunnelen kan ikkje være ein adresseparsell. Dei må splittast i krysset.

Vegnamnet Aurvågvegen er brukt for eigedomar som har gardsnummeret 47 (Myrvågneset). Ved ny inndeling av adresseparsellar skal Aurvågvegen endre namnet. Forslag Myrvågneset.

Konklusjon: Skrivemåten av namnet Torsethøgdsvegen vart avklart og vedtatt 25.06.2013, sak MTK-59/13.

Sidevegen til Sætremyrane vert tildelt som egne adresseparsell: Sætremyrvegen. Fylkesveg 654 frå gardsnummeret 48 til Aurvågtunnelen vert tildelt som egne adresseparsella med namneforslag Aurvågvegen, men vegen rund Aurvågtunellen (frå kryss til gardsnummeret 47) – Aurvågane.

Namnet på adresseparsella som går frå Myrvågvegen til Myrvågnes vert endra til Myrvågneset.



Inndeling av adresseparsellar, Øystein Aurvåg, 26.05.2014

Aurvåg skreiv at han er veldig usamde med dei nye vegnamna. Klagaren gir sine meiningar om inndeling av adresseparsellar og namn:

- frå Tjørnvågskiltet til Aurvågtunnellen – Aurvåg.
- frå tunnelen til Dragsund – Myrvåg.
- frå Kvennavågkrysset til Vestsink – Djupvik.
- gamle vegen nedanfor Aurvågtunnellen – Aurvågvegen. Sidevegen som går opp til Thorsethaugen – Torsethøgdevegen.
- sidevegen til Sætremyr – Sætremyrvegen

Vår kommentar:

Vurdering om namna: Aurvåg, Aurvågvegen, Torsethøgdevegen, Sætremyrvegen er gjort ved klagane overfor.

Myrvåg har fått adressenamnet Myrvågvegen, Dypvika – Dypvikvegen (gammal veg).

Goksøyvegen, Olav Tjervåg, 02.06.2014

Tjervåg vil endre namnet til Goksøyra. Han meiner at Goksøyvegen er tyngre og ikkje klarare.

Vår vurdering:

Vegnamnet er vedtatt og Adresseomynda har ikkje fått fleire klager.

Konklusjon: Ikkje endre namnet.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen negative konsekvensar til folkehelsa

Konsekvensar for beredskap:

Adressering av eigedomar vil ha ein stor gevinst med omsyn til effektiv og sikker stadangivelse av eigedomar. Dette vil vere til stor nytte for brann, politi og helse.

Konsekvensar for drift:

Tildeling av fleire adresseparsellar og endring av vegnamn medfører auka kostnader.

Fosnavåg, 05.11.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Agita Freimane

1

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Kjell Inge Nerlid [mailto:kjnerlid@start.no]

Sendt: 23. januar 2013 06:51

Til: postmottak

Kopi: Marthe H

Emne: Vegnavn

Pegardsvegen

Hallo

Viser til telefonsamtale angående navn på vegen Notbergvegen versus Pgardvegen i Aurvåg.

Vi som bor i nedre del av vegen her, kan ikkje på noken måte godta at vi skal ha kallenavnet på nabobruket som vår adresse.

Det vart påstått fra di side Notberget ikkje er et stedsnavn, men det er det i aller høgaste grad. Notaberget er berga nede ved naustet på bruket 48-4.

Det kan dei fleste med litt år bak seg bekrefte.

Ikkje nokke nødvendig for oss at det skal heite Notbergvegen

heller, snuplassen og vegen ned til fellesnaust området blir kalla Sjøbakken

og det er også et godt alternativ.

Men det er et ufravikelig krav fra oss at det skal være et nøytralt navnevalg!!!

Viss det er snakk om stedsnavn, så er Pgarden på ingen måte nokke stedsnavn heller, det er et kallenavn på nabobruket som ligg oppmed hovedvegen gjennom

bygda, som vegen ned hit og til det felles sjøområdet går gjennom.

Såg i papira til Herøy Kommune at det var komt inn et forslag på Notbergvegen, merkelige greier, det må vere mitt, og siden det var en felles mail fra meg og min mor så får eg det til å bli to eg.

Har forøvrig en datter som var tenkt å flytte ut igjen og overta huset her, men fikk klar beskjed om at med ei sånn adresse så blir ikkje det aktuelt.

Kan heller ikkkje med mi beste vilje forstå kva personar andre plasser i bygda, som ikkje har nokke med vår adresse å gjere, skal ha med å legge seg opp i våre navnevalg.

Håper at dette kan gjerast nokke med ellers så blir det som eg sa klart til deg i tlf, denne adressa vil aldri noen her ta i bruk, den blir ikkje gitt opp i noen sammenheng fra noen av oss.

Samme kva det ender opp i, men vi skal ha ei NØYTRAL adresse!

Mvh

Aslaug og Kjell Inge Nerlid

Ørjan Nerlid

Marthe H Nerlid

Nancy Nerlid

2

Nautøya



Fra: postmottak
Sendt: 13. februar 2014 08:00
Til: Arkiv
Kopi: Agita Freimane; Jarl Martin Møller
Emne: FW: Gateadresse Nautøya

Helsing

HERØY KOMMUNE
 Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/315	Saksbeh. AF
13 FEB. 2014	
Ark kode P	L32
Ark kode S	
Kassasøn	Dok nr. 183

Fra: Petter Notø [mailto:petter.noto@gmail.com]
Sendt: 12. februar 2014 21:29
Til: postmottak
Emne: Gateadresse Nautøya

Att. Adressemynda i Herøy Kommune

Jeg tillater meg herved å rette endel spørsmål, kommentarer samt klage på navnet Nautøya.

1. Hvor er navnet Nautøya hentet fra ?
 2. Hvilken historisk dokumenter fremgår navnet Nautøya .
 3. Hvorfor er veiskiltet med avkjørsel til "Nautøya" skiltet med Notøy ?
 - 4 I fra tidlig bosetning har personer hatt etternavn Notøy eller Notø hvor kommer det fra ?
- Jeg kjenner ingen som har brukt personnavnet Nautøya.

Jeg tror det er bred oppfatning blant øyas befolkning at navnet Nautøya ikke er ønskelig og ukorrekt.

--

Beste hilsener

Petter O. Notø

petter.noto@gmail.com
 Mobile: +47 46898620

Herøy kommune

6092 Fosnavåg

Notøy Grendalag

Notøy

6070 Tjørnvåg

05.03 2014

Klage på vei navn.

Notøy Grendalag vil med dette klage på navnevalget på NAUTØYA

Ser av et svar dere har gitt til Petter Notø at det har vært publisert i avisa, ikke i hvilken avis. Det er ikke alle oppsitterne her på Notøy som har avis verken Sunnmørsposten eller Vestlandsnytt, så det riktige her er at dere burde ha sendt et brev til Notøy Grendalag som har eksistert siden 1978.

Grendalaget har ikke mottatt noe brev.

Så om navnevalget. Notøy er det øya heter.

I brev fra Statsarkivet i Trondheim

Pantebok 1871-1875 er det skrevet Notø og Notøen ikke Nautøya.

I dagboken fra den tid skolen var i drift her på Notøy så er der skrevet frem til 1904 Herøyholmen skule fra 1904 er det skrevet Notø skule

Som senere fra 1911 ble hetende Notøy skule, aldri Nautøy skule.

I 1917 ble det startet en Trevarefabrikk her og den fikk navnet etter øya.

Notøy Kasse og Trevare fabrikk.

I den senere tid har vi brev fra Herøy kommune datert 13.11 1978

Har Herøy kommune også kalt øya for Notøy.

Så etter disse opplysningene synes vi det er helt klart at øya og adressen bør skrives for NOTØY og ikke Nautøya.

3. Vedlegg

Med vennlig hilsen

Oppsitterne på Notøy.

Solfred Hagemann
Margot Hagemann
Fredrikke Eggesbø
Svein Ole Eggesbø
Roar Sandvick
Toralf Notøy
Antonia Notøy
Georg Notøy
Ole Torbjørn
Nils Hagemann
Fredrik - Gunnar Hagemann
Sids H. Mikkelsen
Kjenneth Helde
Hulaug Bergsmo Fursel
Pete O. Notøy
Petra Notøy
Ole-Reinhardt Notøy
Ragnhild Nilsen Notøy
Kari S. Dybvik

Hartvins Feie
Arken Korset
Kari O. Gjerd
Janne
Svanhild J. Helde
Tony Mikkelsen
Wenche H. Ulvestad
Knut Ulvestad
Odd-Ann H. Mikkelsen
Saila Larsen
Agata Lange-Sandvik
Ståle Sandvik
Inna Fasmø

solfr

Søk i e-post Nylig Svar Slett Arkiver Sjøppelboks Opprydding Fjytt til Kategorier Hilde

Mapper

Innboks

Arkiv

Sjøppelboks 4

Kladd

Sendt

Slettet 4

Ny mappe

Hurtigvisninger

Bilder

Dokumenter

Flagget

Ny kategori

Hilde Sakshaug 08:48
Til: Solfrid Hagemann

Vis k

Trondheim 06.03.2014

Angående gateadressen Nautøya, Herøy kommune.

Jeg gir herved min støtte til Notøy Grendalag i forbindelse med klage på valg av gateadressen Nautøya i Herøy kommune.

Med vennlig hilsen
Hilde Sakshaug (Gnr.40, Bnr. 16)
Ole Nordgaards v 20 B
7049 Trondheim

Innhc

Lær m



Aar 1904 Notø kreds

Aar 1941 Notø kreds

1955-56 kreds Notø afdeling

sted	Fødsels- dag og aar	Naar' optat i skolen	September											
			5	6	7	8	9	10	12	13	14	15		
			f.e.	f.e.	f.e.	f.e.	f.e.	f.e.	f.e.	f.e.	f.e.	f.e.	f.e.	f.e.
														6

Vedlegg. 1. Her har vi avfotografert fra dagboka til Notø skole fra 1904 og frem til det siste året 1955-56

og værdigheden som den er i sig selv og som den er i sig selv
inde bære i Heri sking og for en anførelse af Heri sking
af 4/6 0000 - seks hundrede kroner - der ses betalt.

Følget forøvrigt foretog præ betingelser af at Bjelkerne
kor af andre et særligt fordrags af uendommen til mig
Præville Aildater Hagemann, såldes jeg lever efter
derom d. d. oprettes ejendomsforbragt, for det, fordrags
behovig fordrags antages til en sagst verdi af K. 650.
de. Et hundrede og femti kroner -

The Atal uendommen (Kolo) samt tilliggende
som nedret efter døds-følge og tilhøre Bjelkerne,
hans hustru og arvinger, tillid og elendoms,
hvorfor vi fordrags bare ejendommen og de lovere

Foranstaaende skete noteret den 3^{de} november 1890



Til vidne: deres K. Hagemann Laurits Hagemann
M. H. Hagemann M. H. Hagemann

Pringskoning og en. King J. H.
- King Kong og King J. H.
+ King J. H. King J. H.



Det nye skiltet
Feilskrevet.

Skiltet som har stått siden veien
utover Notøy ble åpnet. 1978



Kartet som er på GPS for
bil som viser hvordan
Notøy skrives på kartet

Vedlegg 2

Søk i e-post Ny Svar Slett Arkiver Sjøppelpost Gjenvinningo Flytt til Kategorier

Mapper

Innboks 2

Arkiv

Sjøppelpost 1

Kladd

Sendt

Slettet 3

Ny mappe

Hurtigvisninger

Bilder

Dokumenter

Flagget

Ny kategori

Sv: Klage på gateadresse på

Notøy.



Agita Freimane (agita.freimane@heroy.kommun
Til: solfrid.hagemann@hotmail.com

Hei

Eg utsetter klagefrist på tildelte husnummer til 10.03.2014

Helsing

AGITA FREIMANE

Kartansvarleg

70 08 13 00/70 08 13 75

www.heroy.kommune.no

solfr



Kor
me

Alle b
dokur
andre
enhet

Annonsev

Fra: postmottak

© 2014 Microsoft Betingelser © 2014 Microsoft Betingelser © 2014 Microsoft Betingelser © 2014 Microsoft Betingelser

Ny Svar Slett Arkiver Flytt til Kategorier solfr

Søk i e-post

Klage på gateadresse på Notøy.

solfr
hag

Mapper



solfrid hagemann 19.02.2014

Til: postmottak@heroy.kommune.no

Innboks



Arkiv

Søppelpost 2

Jeg vil på vegne av Notøy grendalag få be om at vi får en utsettelse på klagefristen av gateadressene.



Kladd

da det er flere av innbyggerne på Notøy er på vinterferie.

Sendt

Allere

Slettet 6

På vegne av Notøy Grendalag.

Allere

Ny mappe

Solfrid Hagemann.

solfrid.hagemann@hotmail.com

Hurtigvisninger

Bilder

Dokumenter

Flagget

Ny kategori

Innho

Lær nr




(E)

Lisbeth Moltu Espeseth

Fra: Agita Freimane
Sendt: 17. februar 2014 08:59
Til: Arkiv
Emne: VS: Adresse på gnr. 80, bnr. 1 i Herøy

Registrer på saka 2012/315

Fra: Bjørn Inge Taklo [mailto:bjorn.inge.taklo@ulstein.kommune.no]
Sendt: 10. februar 2014 11:40
Til: Agita Freimane
Kopi: Siri Myklebust (sam@gullikgulliksen.no)
Emne: Adresse på gnr. 80, bnr. 1 i Herøy

		HERØY KOMMUNE	
		RÅDMANNEN	
Reg. nr.	2012/315	Saksnr.	AF
17 FEB. 2014			
Ark kode P	L32		
Ark kode S			
J. nr.		Dok. nr.	184
Kassasjon			

Hei!

Eg viser til tidlegare samtalar og ber med dette om at gnr. 80, bnr. 1 i tillegg til vegadresse får gardsnamnet **Øyra** som adresse.

Venleg helsing

Bjørn Inge Taklo | Avd. ingeniør oppmåling



ULSTEIN KOMMUNE



ULSTEIN - der lang byst bite

Ulstein kommune | Rådhuset | 6065 Ulsteinvik
Tlf. 700 17 500 Tlf. dir. 70017610
www.ulstein.kommune.no

Klage på adresse tildeling i Herøy kommune.

Hadde kommuna gjort eit godt nok arbeid frå start av utan å ta enkle og lette snarvegar med adresse tildelinga, hadde denne klaga vore unødig å skrive. Men sidan adressa er noko folk har eit sterkt forhold til og so og sei skal vare evig er det viktig å få ei adresse som ein er knytta til og har ei lokal forankring.

Her har vi alltid nytta adressa Øyra, og det har vi tenkt å fortsette med. Sidan kommuna brukar avstandsprinsippnummerering er det umogleg å leite seg fram manuelt med adressenummer, og då ambulansar, anna utrykningskøyrety og private brukar GPS og digitale kart er det revnande likesålt for kommuna kva adresse folk har.

Somme plassar er det sær sspesifikke adresser som Haugane, Torsethøgda, og Nedre og Øvre Dragsund, medan andre stadar har ein nabobygda som adresse noko som er både uforståeleg og forvirrande.

Å gi folk adressa dei har hatt eller vil ha er mykje mindre tid og ressurskrevjande enn å motarbeide og forskjellsbehandle bebuarane i kommunen. Kommunen har betrakteleg viktigare ting å bruke pengar på, og alle tener på eit godt forhold mellom innbyggjarar og kommune.

Dei 6 husa på Øyra kan utan problem ha adresse Øyra 1, 3, 5 nedom veg og Øyra 2, 4 og 6 oppom veg.

Legg ved illustrasjon og skriv der vi har forslag til meir fornuftige adresser på Leikong.

Bjarne Taklo
Anne Taklo
Gunn-Iren Taklo
Terje-Orc Taklo.

COA

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr 2012/315	Saksbeh RF
12 MAI 2014	
Ark kode P	L32
Ark kode S	
J nr.	Dok nr 211
Kassasjon	

Frå Myrvågkrysset til Vestsink: Djupvik, frå Vestsink til kyrkja: Ytre Leikong, Frå Kyrkja til Sande kommunegrense, både riksveg og gamle veg,: Leikongbakkane.

Kaivegen, Haugane, Botnevegen passar bra sidan dei er knytta til staden, Leikong sentrum og inn til Båtsvikneset: Leikong, med unntak dei 6 bustadane på Leikangerøyr som har hatt og nyttar det velbrukte: Øyra, det kan ogso gå med Indre Leikong frå Øyra til Båtsvikneset, og derifrå og til Måløystraumen: Kleppane.

Kleppeåsvegen kan kutte ut veg, åsen er ei meir enn god nok ending ergo; Kleppeåsen. Frå Måløystraumen og til Vålneset: Jøsok, eller inn og utom Jøsokelva: Indre og Ytre Jøsok.

postmottak@heroy.kommune.no

Arild Moldskred.

Adressemynda i Herøy Kommune

Pb 274

6099 Fosnavåg

Tjørnvåg 7 mars 2014

KLAGE

Tildeling av gateadresse

Vedrørende denne tildelinga har vi følgende spørsmål:

Kvifor vart vårt navneforslag Nybøvegen forkasta?

Det seiast i tlf i dag at vegen måtte vere over 200 m – denne er nermare bestemt. 420 M

Kvifor har Moldskred to nr og Abeltun berre eitt? Begge har kontor adresse her.

Det seiast også at det må vere 7 adressenr – det har vi. Å om Vest Korrosjon As sitt kontor her blir talt med – er vi 8. Det har vorte oss fortalt at de faktisk gikk vekk frå 7 – å ned til 6.

Å kvifor fekk vi ikkje tilbakemelding på forslaget ? kanskje med ei forklaring på kvifor navneforslaget ikkje vart teke til følge ?

Vi syns Tjørnvågvegen 406-418 er ei svært upersonleg adresse i ei lita bygd.

JA vi ser at vi kan klage på nr å ikkje på navn. Nr er uinteressant, vi KLAGER på navnet då vi har sendt dokke forslag gjentatte ganger uten at dette vart tatt seriøst på det vi vil at vegen skal heite, å vi faktisk oppfyller krava for å få det.

Når det gjelder Huset til Lill Merethe Moldskred Så er det satt opp med 2 hus nr. er dette på grunn av leiligheta

Eller?

Moldskred Renovasjon as har eige gards og bruks nr på Det dei eig med da eige nr i så tilfelle.

Vi aksepterer ikke at vårt forslag ikke blir tatt til følge å forventer at dere nå tar vår klage til følge og forandrer

Vegnamne Til NYBØVEGEN.

Denne klage er sendt på vegne av Hermod Abeltun. Thor Rødset. Lene Tjervåg. Bjørn Ove Endresen. Aasmund Torvik. Lill Merethe Moldskred. Moldskred Renovasjon as. Moldskred Transport as. Vestkorrosjon AS.

Brevet blir ettersendt i underskreven stand.

postmottak@heroy.kommune.no

Lillian Nybø Abeltun

Adressemynda i Herøy Kommune

Pb 274

6099 Fosnavåg

Tjørnvåg 7 mars 2014

KLAGE

Tildeling av gateadresse

Vedrørende denne tildelinga har vi følgande merknader:

Kvifor vart vårt navneforslag Nybøvegen forkasta? Vi har nytta denne adressa i mange år (fordi man må ha ei gateadresse på det meste i dag)

Det seiast i tlf i dag at vegen måtte vere over 200 m – denne er nermare bestemt 420 m

Kvifor har Lill Merethe Moldskred to nr og Abeltun berre eitt? Begge har firma/kontor adresse her.

Det seiast også at det må vere 7 adressenr – det har vi. Dersom Vest Korrosjon As sitt kontor her blir talt med – er vi 8. Det har vorte oss fortalt at de faktisk gikk vekk frå 7 – å ned til 6.

Å kvifor fekk vi ikkje tilbakemelding på forslaget ? kanskje med ei forklaring på kvifor navneforslaget ikkje kunne takast til følge ?

Vi syns Tjørnvågvegen 406-418 er ei svært upersonleg adresse i ei lita bygd.

JA -vi les at vi kan klage på nr å ikkje på navn. Nr er uinteressant, vi **KLAGER** på navnet då vi har sendt dokke forslag - uten at vårt vegnamn forslag vart tatt seriøst. Faktum er at vi oppfyller krava for å få eige vegnamn.

Til orientering har Moldskred Renovasjon as har eige gards og bruks nr på det dei eig.

Vi aksepterer ikkje at vårt forslag er forkasta, å forventer at vår klage vert tatt til følge.

Vegnamnet her skal vere NYBØVEGEN.

Denne klage er sendt på vegne av Lillian og Hermod Abeltun. Thor Rødseth. Lene Tjervåg Wilson. Bjørn Ove Endresen. Aasmund Torvik. Lill Merethe Moldskred og Arild Moldskred. Moldskred Renovasjon AS. Moldskred Transport AS. Vest Korrosjon AS. Hermod Eiendom AS.

Brevet blir ettersendt i underskreven stand.

Per Arne Berge
Aurvågclid
6070 Tjørnvåg

Adressemynda i Herøy Kommune
Pb 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN

Kreg nr	2012/315	Saksbeh	AF
24 MARS 2014			
Ark kode P	L32		
Ark kode S			
Dir	Drak nr 204		
Kassasjef			

KLAGE PÅ TILDELT ADRESSE- VEGNAMN- TJØRVÅGVEGEN 566

Viser til brev av 28 februar der eg blir gjort merksam på at eg er tildelt gateadresse Tjørnvågvegen 566. Eg vil klage på dette fordi det er ei adresse som ikkje har noko samband med staden der eg bur. Det blir vist til at eg ikkje kan klage på val av vegnamn, kun på gatenummer. Eg meiner det er god skikk og spørje folk ved ei høyring på førehand. Eg kan ikkje sjå at eg har fått eit slikt spørsmål og har ikkje fått nokon rett til å uttale meg før vedtak blei gjort

Her eg bur heiter det Aurvågclid og eg meiner at Tjørnvågvegen er veldig upresist og ikkje tek omsyn til kor viktig det er å beholde opprinnelege namn både for oss og framtidens generasjonar. Tjørnvågane utgjer ein tettstad, og det vil forvirre folk at Tjørnvåg namnet blir brukt i eit område som ikkje er ein del av tettstaden, og som ligg i eit område der stadsnamna er Aspevik, Aurvågclid og Aurvåg

Eg stiller også spørsmål til sakshandsaminga då dette ikkje har vore ute til høyring, og eg reiser tvil om dette er rett i høve til lova.

Eg klagar difor på vedtaket, og ber om innsyn i sakshandsaminga.

Venleg helsing Per Arne Berge

Tjørnvåg 16.03.2014
Per Arne Berge

Sjå Vedlegg.

Paul Aurvåg
Aurvåg

6070 Tjørnvåg

18.03.14

Adressemynda i Herøy Kommune

Pb 274

6099 Fosnavåg.

CDU (E)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/315	Saksbeh. AF
20 MARS 2014	
Ark kode P	L32
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr. 199
Kategori	

KLAGE PÅ TILDELT ADRESSE- VEGNAMN- TJØRVÅGVEGEN 574 og 572

Viser til brev av 28 februar der eg blir gjort merksam på at eg er tildelt gateadresse Tjørnvågvegen 574 og 572. Eg vil klage på dette fordi det er ei adresse som ikkje har noko samanheng med staden der eg bur. Det blir vist til at eg ikkje kan klage på val av vegnamn, kun på gatenummer. Eg meiner det er god skikk og spørje folk ved ei høyring på førehand. Eg kan ikkje sjå at eg har fått eit slikt spørsmål og har ikkje fått nokon rett til å uttale meg før vedtak blei gjort

Her eg bur heiter det Aurvåg og eg meiner at Tjørnvågvegen er veldig upresist og ikkje tek omsyn til kor viktig det er å beholde opprinnelege namn både for oss og framtidens generasjonar. Tjørnvågane utgjer ein tettstad, og det vil forvirre folk at Tjørnvåg namnet blir brukt i eit område som ikkje er ein del av tettstaden, og som ligg i eit område der stadsnamna er Aspevik, Aurvåg og Aurvåg

Eg stiller også spørsmål til sakshandsaminga då dette ikkje har vore ute til høyring, og eg reiser tvil om dette er rett i høve til lova.

Eg klagar difor på vedtaket, og ber om innsyn i sakshandsaminga.

Venleg helsing Paul Aurvåg

Paul Aurvåg

Geir-Narve Aspevik
6070 Tjørnvåg



18.mars 2014

Adresse-mynda i Herøy kommune
Pb. 274
6099 Fosnavåg

KLAGE PÅ TILDELT ADRESSE- VEGNAMN- TJØRVÅGVEGEN 547

Viser til brev av 28. februar der vi blir gjort merksam på at vi er tildelt gateadresse Tjørnvågegen 547. Vi vil klage på dette fordi det er ei adresse som ikkje har noko samanheng med staden der vi bur.

Det blir i brevet vist til at vi ikkje kan klage på val av vegnamn, kun på gatenummer. Vi meiner det er god skikk å spørje folk ved ei høyring på førehand. Vi har ikkje fått eit slikt spørsmål og har heller ikkje fått nokon rett til å uttale oss før vedtak blei gjort.

Her vi bur heiter det **Aspevik** og vi meiner at Tjørnvågegen er veldig upresist og ikkje tek omsyn til kor viktig det er å behalde opprinnelege namn, både for oss og framtidias generasjonar.

Tjørnvåg utgjer ein tettstad, og det vil forvirre folk at Tjørnvågnamnet blir brukt i eit område som ikkje er ein del av tettstaden, og som ligg i eit område der stadsnamna er Aspevik, Aurvågclid og Aurvåg.


Vi stiller også spørsmål til sakshandsaminga då dette ikkje har vore ute til høyring, og vi reiser tvil om dette er rett i høve til lova.

Vi klagar difor på vedtaket, og ber om innsyn i sakshandsaminga.

Med vennleg helsing

Geir-Narve Aspevik og Synnøve Bigset Aspevik

Geir Narve Aspevik
Synnøve Bigset Aspevik

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/315	Saksbeh. AF
21 MARS 2014	
Ark kode P	L32
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr. 200
Kassasjon	

Knut Norleif Aspevik
6070 Tjørnvåg

Adressemynda i Herøy kommune
Pb. 274
6099 Fosnavåg

(E)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Saks nr. 2012/315	Saksbehandler AP
18.mars 2014	
21 MARS 2014	
Ark kode P	L32
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 201
Kassasjon	

KLAGE PÅ TILDELT ADRESSE- VEGNAMN- TJØRVÅGVEGEN 521

Viser til brev av 28. februar der eg blir gjort merksam på at eg er tildelt gateadresse Tjørnvågegen 521. Eg vil klage på dette fordi det er ei adresse som ikkje har noko samanheng med staden der eg bur.

Det blir i brevet vist til at ein ikkje kan klage på val av vegnamn, kun på gatenummer.

Eg meiner det er god skikk å spørje folk ved ei høyring på førehand. Eg har ikkje fått eit slikt spørsmål og har heller ikkje fått nokon rett til å uttale meg før vedtak blei gjort.

Her eg bur heiter det **Aspevik** og eg meiner at Tjørnvågegen er veldig upresist og ikkje tek omsyn til kor viktig det er å behalde opprinnelege namn, både for meg og framtidias generasjonar.

Tjørnvåg utgjer ein tettstad, og det vil forvirre folk at Tjørnvågnamnet blir brukt i eit område som ikkje er ein del av tettstaden, og som ligg i eit område der stadsnamna er Aspevik, Aurvåglid og Aurvåg.

Eg stiller også spørsmål til sakshandsaminga då dette ikkje har vore ute til høyring, og eg reiser tvil om dette er rett i høve til lova.

Eg klagar difor på vedtaket, og ber om innsyn i sakshandsaminga.

Med vennleg helsing

Knut Norleif Aspevik
Knut Aspevik

(E)

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN

Reg nr 2012/315 Saksoelt AF

24 MARS 2014

Ark kode P L32

Ark kode S

J. nr. 203

Kassasjøn

Nils Gunnar Toftesund
Aspevika
6070 Tjørnvåg

Aspevika 20.03.2014

Adressemynda i Herøy Kommune
PB 274
6099 Fosnavåg

KLAGE PÅ TILDELT ADRESSE- VEGNAMN- TJØRVÅGVEGEN 549

Viser til brev av 28 februar der eg blir gjort merksam på at eg er tildelt gateadresse Tjørnvågvegen 549. Eg vil klage på dette fordi det er ei adresse som ikkje har noko samanheng med staden der eg bur. Det blir vist til at eg ikkje kan klage på val av vegnamn, kun på gatenummer. Eg meiner det er god skikk og spørje folk ved ei høyring på førehand. Eg kan ikkje sjå at eg har fått eit slikt spørsmål og har ikkje fått nokon rett til å uttale meg før vedtak blei gjort

Her eg bur heiter det **Aspevika** og eg meiner at Tjørnvågvegen er veldig upresist og ikkje tek omsyn til kor viktig det er å beholde opprinnelege namn både for oss og framtidens generasjonar. Tjørnvågane utgjer ein tettstad, og det vil forvirre folk at Tjørnvåg namnet blir brukt i eit område som ikkje er ein del av tettstaden, og som ligg i eit område der stadsnamna er Aspevik, Aurvågclid og Aurvåg

Eg stiller også spørsmål til sakshandsaminga då dette ikkje har vore ute til høyring, og eg reiser tvil om dette er rett i høve til lova.

Eg klagar difor på vedtaket, og ber om innsyn i sakshandsaminga.

Venleg helsing

Nils Gunnar Toftesund
Nils Gunnar Toftesund

7

ow

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. 2012/315	Saksbeh. AF
24 MARS 2014	
Ark kode P	K32
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 202
Kassasjon	

Adressemynda i Herøy kommune
Pb. 274
6099 FOSNAVÅG.

Tildeling av gateadresse Tjørnvågvegen – brev motteke 7.3.

Vi er 4 oppsitjarar i Sætremyr, gnr. 48 i Aurvåg som har ca. 300 m gardsveg, og som har fått tildelt gateadresse Tjørnvågvegen ...

Ved henvendelse til servicetorget i kommunen får vi opplyst at det er altfor seint å klage. Veg/gatenamn var annonsert ved annonse i Vestlandsnytt/heimesida til kommunen for 1 år sidan. I vårt nærrområde er det svært få som har fått med seg denne vesle annonsa. Det undrar oss mykje at kommunen no går ut skriftleg til alle med frist for å klage på nummer. Kvifor fekk vi ikkje skriftleg melding om stadnamn?

Vi har brukt Sætremyr som vegadresse på breva våre i lang tid.

I vårt nærrområde ser vi at sidevegane til Tjørnvågvegen har fått sine namn relatert til g.nr./geografiske namn. Eks. Trolldalen, Storeneset, Kalveneset, Pegardsvegen, Skytteneset o.s.v.

Vi ber innstendig om å få behandle adressa vår: **Sætremyrvegen!**
Sætremyr står på gardskart/turkart, og det gjer noko med identiteten vår å miste det.

Ventar positivt svar.

Sætremyr, 20. mars 2014-03-20

Brit Marie Nilsen
Brit Marie Nilsen
Egil Aspevik
Egil Aspevik

Gunnar Aspevik
Gunnar Aspevik
Endre Fuglseth
Endre Fuglseth

Vedlegg: Kopi av gardskart

70

Bård Thorseth
Skjorhagen 1
6070 TJØRVÅG

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Komm. nr. 2012/315	Saksbeh. AF
10 APR. 2014	
Akt kode P 232	
Akt kode S	
Ans.	Dok nr. 207
Kassa nr.	

25 03 14

Adressemynda i Herøy Kommune
Pb. 274
6099 FOSNAVÅG

Klage på tildelt adresse- vegnamn- Tjørnvågvegen 619. Grdnr. 48 brnr. 20

Syner til brev av 28 02 der eg vert gjort merksam på at eg er tildelt gateadresse Tjørnvågvegen 619. Eg vil klage på dette fordi dette er ei adresse som ikkje har nokon samanheng med staden her eg bur. Det vert vist til at det ikkje er høve til å klage på val av vegnamn, berre på husnummer. Det er god folkeskikk å spørje folk vedrørande ei høyring på førehand. Eg kan ikkje sjå at slik er tilfelle her før vedtaket vart gjort.

Her eg bur heiter det Skjorhagen, og det har det gjort i mange år og for dei aller fleste er namnet kjent og dei kjenner til staden. Tjørnvågvegen 619 verkar kunstig og har ikkje nokon tilknytning til bygda vår som heiter Aurvåg. Det er viktig for meg å ha ei adresse med namn som er har lokal forankring, og som eg kan gå god for. Eg klagar med dette på vedtaket . Eg set med dette fram krav om at adressa mi vert **Skjorhagen 1** 6070 TJØRVÅG.

Helsing


Bård Thorseth

Fra: Svein Selvåg [mailto:svein@selvag.no]
Sendt: 24. mars 2014 11:21
Til: postmottak
Emne: VS: Stadsnavn Strynehaugen Tjørvåg

Ser att navnet Strynehaugen er brukt på eit skilt plassert på Tuftene i Tjørvåg.
Eg meiner navnet Strynehaugen høyrer til br.nr.53 gr.nr.9 Haugelegene. Staden fekk navnet Strynehaugen etter Rasmus Guddal kalt (Strynegubben) som busette seg på Haugelegene i 1824.
Som eigar av gr.nr.53 br.nr.9 Haugelegene (strynehaugen) ser eg meg rett til å bruke navnet Strynehaugen som postadersse.
Eg er ikkje samd i att namnet vert brukt andre plasser i Tjørvåg.
Viser til Lov om Stedsnavn.

Helsing
Svein Selvåg
E-post: svein@selvag.no
Mob: 469 45033
Strynehaugen
6070 Tjørvåg

VTV @ 12/315

Grete Bodil Notøy

6070 Tjørnvåg.

Dato: 3. juli 2014

KOMMUNE	
STRYNEHAUGEN	
2012/315	AF
7 JULI 2014	
Ark. for:	L32
Ark. kode:	
Linje nr:	234
Assesjon	

Herøy kommune

'Servicetorget,

6090 Fosnavåg.

KLAGE OVER TILDELING AV VEGNAMN.

Følgjende har fått tildelt vegnamn: Strynehaugen, Tjørnvåg.

Dette gjeld for: Grete Bodil Notøy, Frank Tjervåg, Jonny Liavåg og Rolf Johnsen og dette vegnamnet ynskjer vi å få endra til **Tuftene**. Viser også til at to venteskur som står på høvedbruket har fått namnet Tuftene og det er mest naturleg for oss også.

Vonar dette kan ordnast.

Mvh.

Grete Bodil Notøy

Grete Bodil Liavåg Notøy

(8) 12/315

Gerd N. Moltubakk
6070 Tjørnvåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
2012/315	Saksnummer AF
- 1 SEPT. 2014	
Ans. Fødsel P	
Ans. Fødsel S	
Juni	Prøvetid
Forsvarssett	

25.08. 2014

Herøy kommune
6090 Fosnavåg

Vedr. Vegnamn i Tjørnvåg

Av ymse grunnar vart vi for seine til å uttale oss då den første fristen gjekk ut. No er vi kjende med at det skal vere ein ny gjennomgang i september; og i den samanheng har vi nokre merknader og framlegg.

Vi ber om at vegstrekninga fra gnr. 48 bnr. 28 til gnr. 48 bnr. 27 og 30 får namnet Aurvågvegen.

Sidevegen som går opp til Thorsethgarder bør få namnet Thorsethøgdsvegen og vege som går til Sætremyrane bør få namnet Sætremyrvegen .

Med helsing

Magnulf Aurvåg
Inger Marie Bjørlykke
Snr. 48 bnr. 21/22

Herøy kommune

6099 Fosnavåg

Aurvåg juli 2014

Vegnamn i Aurvåg

Vi syner til synspunkt som har vorte sendt til Herøy kommune om tildeling av vegnamn (adresser) frå fleire som er busett i Aurvåg.

Vi vil med dette kome med ein del synspunkt i tillegg til dei synspunkta som tidlegare er sendt kommunen. Vi syner til desse og ber om at Herøy kommune gjer om sitt vedtak om vi har fått tildelt Tjøråvegen i staden for Aurvåvegen som adresse.

Litt om bygda Aurvåg

I « Gardar og folk III » går det fram at garden Aurvåg gnr. 48 er nemnd så tidleg som i 1520. Garden Aurvågldid gnr. 50 som er ein del av bygda Aurvåg, var ein del av garden Aurvåg fram til 1754, då den vart fråskild og matrikulert.

Både frå gnr. 48 og gnr. 50 vart det etterkvart frådelt nye bruk, eigd og brukt av ymse personar. Frå ca. 1850 og utover var det mange som kom utanfrå og kjøpte seg gard i bygda Aurvåg. Dei fleste av dei som bur i Aurvåg i dag er etterkomarar etter desse . Ein del har Aurvåg som slektsnamn av di nokre av dei som kom til bygda tok Aurvåg (Overvåg/Aurvaag) som slektsnamn.

Dei busette i bygda Aurvåg har over år vore knytt til Myrvåg når det gjeld skule og lagarbeid til dømes.Heilt til det siste har bygda høyrd til Myrvåg skulekrins. Noko slik tilknytning som det er synt til i høve til Myrvåg, har ein ikkje hatt i høve til Tjøråvåg.

Gardane i Aurvåg har hatt utmarksområde både mot Myrvåg og Tjøråvåg. Det har vorte frådelt parsellar mellom anna frå utmarksområda, og desse har det vorte bygd bustadar på .Gnr. 48 bnr. 28 , som ligg til RV 651, og som grensar mot utmarka til Tjøråvåg, er eit døme på dette. Eigedommen er frådelt gnr. 48 bnr. 5. Mot Myrvåg grensar gnr. 48 bnr. 27 , frådelt gnr. 48 bnr. 3, og bnr. 48 bnr. 30, frådelt gnr. 48 bnr. 27. Desse eigedomane ligg til den gamle vegen igjennom Aurvåg .Kalveneset har tilhøyrd gnr. 48 og gnr. 50 og har alltid vore oppfatta som ein del av bygda Aurvåg. I vegsamanheng strekkjer bygda Aurvåg seg frå og med gnr. 48 bnr. 28 til og med gnr. 48 bnr. 27 og bnr. 30, ei strekning på 2,5 km.

Val av vegnamn

Vi kan ikkje skjønne at storparten av vegstrekninga nemnd føre har fått namnet Tjøråvegen, altså vorte namngjeven med namnet til nabobygda vår.

I « Navnsetting av gater og veier » som Språkrådet har gjeve ut er det på side 4 under « Prinsipper for valg av adressenavn » sagt fylgjande:

« Alle stedsnavn, også adressenavn, representerer viktige språklige og kulturelle verdier. De er en del av lokalmiljøet og lokalhistorien, og de er med på å styrke folks følelse av å høre til på et sted. Når nye navn skal vedtas, må en ha i tankene at disse navna skal bli stående i generasjoner fremover.»

Vi kan ikkje sjå at det vil styrke folks følelse av å tilhøyre bygda Aurvåg at ein har adresse Tjørnvågvegen, altså same adressa som dei busette i nabobygda Tjørnvåg. Statens vegvesen har klokeleg nok gjeve tunellen mellom Aurvåg og Myrvåg namnet « Aurvågtunellen ».

Dei andre grendelaga i vårt område har fått sine vegnamnadresser etter der dei bur, og dette bør gjelde også for oss. Det finns unntak, som er like vanskeleg å forstå som valet av Tjørnvågvegen som adresse for oss, t.e. Aurvågvegen i deler av Myrvåg, og Leikongvegen i deler av Djupvik. Vi reknar med at busette i Myrvåg og Djupvik sjølve har teke dette opp med kommunen. Det grunnjev i alle tilfelle ikkje at vi har fått Tjørnvågvegen som adresse.

Vi kan heller ikkje sjå at omsynet til at det skal verte for mange vegnamn, grunnjev adressetildelinga. Mange husstander har med rette fått tildelt vegnamn for sitt lokale område, Kalvenesvegen, Edane o.s.v.

Vi ber om at vegstrekninga fra gnr. 48 bnr. 28 til gnr. 48 bnr. 27 og 30 får namnet Aurvågvegen.

Sidevegen som går opp til Thorsethgarden bør få namnet Thorsethhøgdsvegen og vegen som går til Sætremyrane bør få namnet Sætremyrvegen .

Med helsing

Brit Marie Olsen, Gr. 48 - br. nr. 29.
Endre Fuglseth, Gr. 48 - br. nr. 9
Olav Møgedal Fuglseth Gr. 48 - br. nr. 9.
Gunnar Aspevik GR 48 - br. nr. 86
Hildi Therese N. Guddshol Gr. 48 - br. nr. 86
Gunnhild Aspevik Gr. 48 - br. nr. 50
Egil Aspevik Gr. 48 - br. nr. 50

Til

Myrvåg, den 26.05.2014

Herøy kommune v./ Jarl Martin Møller

Vegnamn i Myrvåg

Vi er veldig usamde med dei nye vegnamna! Vi har gode, gamle namn her, og dei nye namna på hovudvegane gjer at Myrvåg forsvinn frå kartet. «Tjørnvågvegen» og «Leikongvegen» øydelegg Myrvåg! Tjørnvåg sluttar i svingen der Tjørnvågskiltet står/ stod?.

Vegen gjennom Aurvågane, frå Karsten Aurvåg, no Ingar Hagen,- går til Aurvågtunnellen.

Her ER vi i AURVÅG, og det bør vere namnet,- F.eks. « AURVÅG nr. 32,» som ei adresse.

Frå tunnelen og til Dragsund , er vi i hjarta av Myrvåg, og her bør det heite MYRVÅG!

Då kan vi kalle vegen frå Kvennavåg-krysset heilt til grensa mot Leikong, som er i svingen før Vestsink., for DJUPVIK. –F.eks. «DJUPVIK nr. 32».

AURVÅGVEGEN, som er gamlevegen nedafor Aurvåg-tunnelen,har fått namnet Torsethøgdvegen i eine enden. –heilt ulogisk!- Der bør det heite AURVÅGVEGEN heilt til vegkrysset mot hovudvegen! Magne Aurvåg og Tommy Tandberg får då adr. Aurvågvegen.

Sidevegen som går opp til Thorsethaugen, bør heller få namnet TORSETHØGDVEGEN,så dei 5 husstandane til Njål Thorseth, Ragnar Thorseth, Tandberg (+leigebuar) og Frank Storøy får adr. Torsethøgdvegen.

Sidevegen til Sætremyr bør heite SÆTREMURVEGEN, og husstandane der får adr. «Sætremyrvegen».

Myrvåg har lenge lide under at vi har to postadresser: 6070 Tjørnvåg, og 6080 Gurskøy Kvar er då Myrvåg? Vi ønskjer EIGA POST-ADRESSE, :6075 Myrvåg! Om Herøy kommune vil, og hjelper oss med det, vil vi føle oss meir verdsett!, Myrvåg er i god vekst, og ei bygd som kan styrke Herøy om vi får livsrom og våre eigne namn og adresser! Herøy kommune taper på å splitte oss opp. Det kan vere med på å svekke bygda vår.

Med vennleg helsing

Øystein Aurvåg.

17

Helsing

JARL MARTIN MØLLER
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Olav Tjervåg
Sendt: 1. juni 2014 20:49
Til: Jarl Martin Møller
Emne: Vegnamn, Goksøyrvegen.

Hei!
Eg irriterer meg over lange namn og adresser.

Adressene i Goksøyra bør vere Goksøyra og ikkje Goksøyrvegen.
Goksøyrvegen blir lengre og tyngre, men ikkje klarare.

I Goksøyra har vi EIN veg,
og det blir aldri fleire vegar her som kan komplisere bildet seinare.
Og alle husa ligg plasserte i forståeleg rekkje langs vegen.

Beklagar at eg klagar for seint.
Eg tudde at nokon andre ville ta til vettet før.

Goksøyra 02.06.2014

Vennleg helsing

Olav Tjervåg
Goksøyra 105
6096 Runde

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANN	
2012/315	Sak AF
16 JUNI 2014	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
Til	
Kategori	

Ref.:
2012/315 UTV / AF

Vår ref.:
14/474-2

Dato:
12. juni 2014

***Nautøya* eller *Notøy* nytta som adressenamnform**

Me syner til eit brev som Herøy kommune skreiv til Stadnamntenesta på Vestlandet 14. mars i år. I brevet er det orientert om at Notøy Grendalag har klaga på kommunen sitt vedtak om å nytte *Nautøya* som adressenamnform. Laget ønskjer at namnet blir skrive *Notøy*.

I brevet frå Notøy Grendalag er det synt til dette at øynamnet har vore skrive *Notøy* (tidlegare òg *Notø* og *Notøen*) i ulike samanhengar og at kommunen sjølv brukte *Notøy skule* som namn på den skulen som låg her.

I matrikkelen frå 1907 er det aktuelle gardsnamnet skrive *Nautøen*, og i band 13 i bokverket Norske Gaardnavne (NG) (frå 1908) er det "nau`tøinå" og denne uttalemåten åleine som er ført som munnleg gardsnamnform. (Sjå den medsende kopien frå s. 42 i NG XIII.) Truleg har den munnlege stadnamnforma med *-au-* i føreleddet har vore brukt i fleire hundre år.

I Sentralt stadnamnregister, SSR, er det forma *Nautøya* som ligg inne som godkjend offisiell øynamnform.

Me må rå kommunen til å halde fast på vedtaket om å nytte *Nautøya* som adressenamn.

Med helsing frå

Oddvar Nes

Oddvar Nes
stadnamnkonsulent

Ole Jørgen Johannessen
Ole Jørgen Johannessen
stadnamnkonsulent

Kjell Erik Steinbru

Kjell Erik Steinbru
rådgjevar / sekretær

Kopi til: Kartverket Molde, 3507 Hønefoss

H. G. Hennhoff

NORSKE GAARDNAYNE

OPLYSNINGER SAMLEDE TIL BRUG VED MATRIKELENS REVISION

EFTER OFFENTLIG FORANSTALTNING

UDGIVNE MED TILFØJEDE FORKLARINGER

AF

O. RYGH

TRETTENDE BIND

ROMSDALS AMT

BEARBEJDET

AF

K. RYGH



KRISTIANIA

W. C. FABRIUS & SØNNER A/S

1908

GAARDNAYNE

I

ROMSDALS AMT

OPLYSNINGER SAMLEDE TIL BRUG VED MATRIKELENS REVISION

AF

O. RYGH

EFTER OFFENTLIG FORANSTALTNING

UDGIVNE MED TILFØJEDE FORKLARINGER

AF

K. RYGH



KRISTIANIA

W. C. FABRIUS & SØNNER A/S

1908

ef. 297, 304, 316
 297
 304
 316
 2
 W. P.

35. Igesund. Udt. *i'gesynd.* — Egdeswnd NRJ. II 115. Egeswndt, Egswndt NRJ. III 613. 620. Eigsundt 1603. Eigsundt 1606. 1616. Iggesund 1617. Egsund 1666. Eigesund 1723.

Det Sund, som Gaarden har Navn af, er Sundet mellem Bergsøen og Nerlandssøen, paa Karterne kaldet Igesundvaalen. 1ste Led antages NE. S. 116 med Støtte i Formen fra 1620 at være Elvenavnet Igða, af Fugle-navnet igða, nu Igda eller Egda.

36. Vike. Udt. *vi'kanne*, Dat. -kå. — Wigenn 1603. Wig 1606. Viigen 1616. Wiige 1666. 1723.

* V i k a r (ældre Form V i k r), Flt. af v i k f., Vik.

37. Myklebost. Udt. *my'kklebóst.* — Møglebostad NRJ. II 115. [Møglebosted NRJ. III 612]. Møckelbostadt 1606. Møchelbust 1666. Møchlebust 1723.

Se Vannelven GN. 7.

37, 8. Myklebosthaug. Udt. *my'kklebósthaunn.*

38. Eggesbøen. Udt. *æjjesbø'nn* (Hovedtonen paa sidste Stavelse), Dat. -bønå. — Eigßbø 1603. Eigßboenn 1606. Egisbøen 1616. Eggisbøe 1617. 1666. Eggesbøe 1723.

Antages PnSt. S. 60 at være opr. * Egilsbøer, sms. med Mandsnavnet Egill. Denne Formodning støttes foruden ved Formerne fra 1603 og 1616 ved Egilsvik i Beieren, som ogsaa nu udtales *æjjes*.

39. Herø. Udt. *hø'rei.* — Herø OE. 1. 4. Herøebierig 1606. Hærøe med Sandvig og Klammerholm 1723 (1714 kaldes selve Præstegaarden Sandviig).

Se under Herredsnavnet.

39, 3. Fugleholmen. Paastodes kaldet *ry'nningshålminn.* — Mulig = Fogdeholm 1666. Fogedholm 1723.

40. Nautøen. Udt. *nau'tøinå.*

Af n a u t n., Hornkvæg. Har Navn af, at Øen før har været brugt til Havnegang.

40, 11. Klombreholmen. Udt. *klå'mbrahålminn.* — Klammerholm 1723.

Maa forklæres af kl o m b r f., Klemme, Folkespr. Klomber f., Klammer, Klemme; ogsaa om en trang Bjergkloft i en Vei eller Sti (Aasen). Samme Stamme har man i Klombranes paa Skorpa her i Herredet (A.K.), i Klombre i Rollag og i Klomva, en Plads i Holt.

40, 14. Smedholmen. Udt. *smi'dhålminn.*

41. Petersholmen. Udt. *pé'ttershålminn.* — Petterholm 1666. Petterholm 1723.

42. Jensholmen. Udt. ei opgivet. — Jensholm 1666. Jensholm 1723 (brugt af Præsten).

43. Blankholmen. Udt. *blå'nkhålminn.*, Dat. -ma. — Blanchholm 1666. Blanchholm 1723.

Navnet sigter vel til en skinnende Stenart paa Holmen. Jfr. Navne som Blaukenberg, Blankfjeld og Blankheia.

160
17:

U
Jig

Kje
XV

vel:
166

hvo
roes
tild

Myr

bru

Øff
woe

166
holt

Herøy kommune v/Utviklingsavdelinga
Pb 274

6099 FOSNAVÅG

NAUTØYA/NOTØY: Fråsegn om skrivemåten frå Herøy Mållag.

Vi viser til brev av 17.03.2014 , saksnr. 2012/315 om **Notøy** som namn på øya.

Notøy som familie- eller slektsnamn skal ikkje vi seie noko om. Det er ei privatsak.

Nautøya er eit stadnamn med dei krav til skrivemåte som går fram av lov om stadnamn. Vi legg vekt på fylgjande: "Namnet Nautøya finst fleire stader om øyar som har vore brukte til beite for storfe". (Norsk Stadnamnleksikon v/Jørn Sandnes og Ola Stemshaug)

Den lokale uttalen på øynamnet er "Nautøynå". Også på våre kantar fortel namnet oss om tidlegare bruk av øya. Bjarne Rabben nemner at plassemennene på øyane rundt om fekk ha kyr på beite der. (Bjarne Rabben: Gardar og folk. II, s. 511.)

Nautøynå som stadnamn er eit kulturminne som tek vare på sambandet med fortida. I Søndmørs Beskrivelse. Anden Part skriv Hans Strøm: "Nødøe, som siges at bære Navn af Nød, eller det store Qvæg, som Stedets Præster tilforn skal have havt her gaaende, [...] Sjå elles Rabben: Gardar og folk. II, s. 508. Sitatet viser også kor viktig det er å ikkje la seg føre på villspor av danske skriftformer i eldre tid.

Ut frå det som her er nemnt om lokal uttale av namnet og ut frå tidlegare bruk av øya, konkluderer vi med at rett skriftform på øynamnet må vere NAUTØYA.

Ingrid Runde Huus Rolf Huus Oddbjørg Remøy

E) 2/315 lufv.

Fra: Nils Jørgen Gaasvik [mailto:Nils.Jorgen.Gaasvik@kartverket.no]
Sendt: 30. april 2014 15:39
Til: postmottak
Kopi: svein@selvag.no; Per-Ståle Moltu
Emne: Strynehaugen som vegadresse i Tjørnvåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
2012/315	Saksbeh. AF
30 APR. 2014	
Ark kode P	L32
Ark kode S	
Jnr.	210
Kassasjon	

Eg har sett på kartet og vurdert adressenamnet Strynehaugen i forhold til opplysningane i e-postar frå Svein Selvåg og Herøy Sogelag ved leiar Johan Moltu (sjå vedlegg nedanfor).

Selvåg og Sogelaget opplyser at Strynehaugen eigentleg er namnet på eigedomen gnr. 59 bnr. 9, som ein gong hadde ein eigar som kom frå Stryn. Denne eigedomen er no adressert til Tjørnvågsvegen. På økonomisk kartverk og seinare kart i målestokken 1:5 000 er Strynehaugen namnet på haugen bak gardsbruket 59/9. Herøy kommune har gjeve namnet Strynehaugen til ein veg som går på den eine sida av denne haugen, slik at eigedomane på denne sida av haugen vert adresserte til Strynehaugen. Selvåg meiner det rette må vere at hans eigedom, som namnet kjem frå, bør ha denne adressa, og ikkje dei eigedomane som no har fått denne adressa. Dette synet uttrykkjer sogelaget forståing for.

Når namnet Strynehaugen har stått på kart som namn på ein haug i om lag 50 år utan at nokon har klagt på dette, må ein kanskje godta dette som faktisk namn på haug. Det er dermed, slik eg ser det, ikkje urimeleg å nytte namnet Strynehaugen som namn på ein veg som går oppetter denne haugen. Det er likevel fint om kommunen kan sjå på saka ein gong til.

Dersom Herøy kommune kjem fram til at det er best at adressenamnet vert slik det er bestemt, så kan kanskje Selvåg likevel oppnå noko ved å ta i bruk sin rett til adressetilleggsnamn. Dersom det er rett, som Selvåg seier, at Strynehaugen eigentleg er namnet på 53/9, kan namnet førast inn i Sentralt stadnamnregister som sidenamn til Haugelegene. Da vil Selvåg ha rett til Strynehaugen som adressetilleggsnamn (i tillegg til Tjørnvågsvegen).

Eg vonar at dette kan vere til hjelp.

Med venleg helsing



Nils Jørgen Gaasvik
 Senorkonsulent
 Kartverket Trondheim
 Tlf.: 32 11 87 83
 E-post: nils.jorgen.gaasvik@kartverket.no

Tlf. sentralbord: 32 11 81 00
 Kundesenter: 08700
www.kartverket.no

teke kontakt med Herøy Sogelag og bede om ein uttale i samband med stadnamnet Strynehaugen som vegadresse i Tjørnvåg, Herøy i M&R. Svein Selvåg har tidlegare vore i kontakt med Kartverket om saka.

Det Herøy Sogelag kan legge til er:

I bygdebøkene for Herøy står det under bnr. 9, gnr. 53 Tjørnvåg: «Plassen heitte opphavleg Arehaugen, vart seinare kalla Strynehaugen». Namnet er etter Rasmus Johannesson Guddal frå Stryn. Han fekk plass-setel her i 1824. Rasmus gjekk under namnet «Gamle-Strynen».

I 1870 fekk Elias Andersson Saunes skøyte på bnr. 9, og bruket hadde då namnet Haugelegene, men i daglegtale vart det kalla Strynehaugen.

I 1933 vart bruket delt mellom brørne Elias og Osvald Selvåg (dottersøner til Elias Andersson). Elias sin part fekk bnr. 19 (og 17) medan Osvald hadde resten av bnr. 9. Bustadene under det som var bnr. 19, har no fått vegadresse Strynehaugen, medan eigedomane som seinare er frådelt bnr. 9, Strynehaugen, har fått vegadresse

Tjørnvågvegen.

Ut frå det som er skrive ovafor, skjønar vi godt at Svein Selvåg ynskjer å ha adresse

Strynehaugen.

Sjå også kart der bnr. 9 er avmerka:

http://webhotel2.gisline.no/GisLineTemp/Sunnmorskart/u5lhcejzfukyo555s521m53j066ba8a8-ad47-4f45-8317-bbcd39a54084_copy.png

Med helsing

Herøy Sogelag,

ved leiar

Johan Moltu

Mobil 91568576

Det Svein Selvåg skreiv i sin e-post til Herøy kommune var:

Ser att navnet Strynehaugen er brukt på eit skilt plassert på Tuftene i Tjørnvåg.

Eg meiner navnet Strynehaugen høyrer til br.nr.53 gr.nr.9 Haugelegene. Staden fekk navnet

Strynehaugen etter Rasmus Guddal kalt (Strynegubben)

som busette seg på Haugelegene i 1824.

Som eigar av gr.nr.53 br.nr.9 Haugelegene (strynehaugen) ser eg meg rett til å bruke navnet

Strynehaugen som postadersse.

Eg er ikkje samd i att namnet vert brukt andre plasser i Tjørnvåg.

Viser til Lov om Stednavn.

Helsing

Svein Selvåg

E-post: svein@selvag.no

Mob: 469 45033

Strynehaugen

6070 Tjørnvåg

Eg vonar at dette kan vere til hjelp.

Med venleg helsing



Nils Jørgen Gaasvik

Seniorkonsulent
Kartverket Trondheim
Tlf.: 32 11 87 83
E-post: nils.jorgen.gaasvik@kartverket.no

Tlf. sentralbord: 32 11 81 00
Kundesenter: 08700
www.kartverket.no

Til Kartverket

Svein Selvåg har teke kontakt med Herøy Sogelag og bede om ein uttale i samband med stadnamnet Strynehaugen som vegadresse i Tjørvåg, Herøy i M&R. Svein Selvåg har tidlegare vore i kontakt med Kartverket om saka.

Det Herøy Sogelag kan legge til er:

I bygdebøkene for Herøy står det under bnr. 9, gnr. 53 Tjørvåg: «Plassen heitte opphavleg Arehaugen, vart seinare kalla Strynehaugen». Namnet er etter Rasmus Johannesson Guddal frå Stryn. Han fekk plass-setel her i 1824. Rasmus gjekk under namnet «Gamle-Strynen». I 1870 fekk Elias Andersson Saunes skøyte på bnr. 9, og bruket hadde då namnet Haugelegene, men i daglegtale vart det kalla Strynehaugen.

I 1933 vart bruket delt mellom brørne Elias og Osvald Selvåg (dottersøner til Elias Andersson). Elias sin part fekk bnr. 19 (og 17) medan Osvald hadde resten av bnr. 9. Bustadene under det som var bnr. 19, har no fått vegadresse Strynehaugen, medan eigedomane som seinare er frådelt bnr. 9, Strynehaugen, har fått vegadresse Tjørvågvegen.

Ut frå det som er skrive ovafor, skjønar vi godt at Svein Selvåg ynskjer å ha adresse Strynehaugen.

Sjå også kart der bnr. 9 er avmerka:

http://webhotel2.gisline.no/GisLineTemp/Sunnmorskart/u5lhcejzfukyo555s521m53j066ba8a8-ad47-4f45-8317-bbcd39a54084_copy.png

Med helsing

Herøy Sogelag,
ved leiar
Johan Moltu
Mobil 91568576

Det Svein Selvåg skreiv i sin e-post til Herøy kommune var:

Ser att navnet Strynehaugen er brukt på eit skilt plassert på Tuftene i Tjørvåg.

Eg meiner navnet Strynehaugen høyrer til br.nr.53 gr.nr.9 Haugelegene. Staden fekk navnet Strynehaugen etter Rasmus Guddal kalt (Strynegubben) som busette seg på Haugelegene i 1824.

Som eigar av gr.nr.53 br.nr.9 Haugelegene (strynehaugen) ser eg meg rett til å bruke navnet Strynehaugen som postadersse.

Eg er ikkje samd i att namnet vert brukt andre plasser i Tjørvåg.

Viser til Lov om Stednavn.

Helsing

Svein Selvåg

E-post: svein@selvag.no

Mob: 469 45033

Delegerte saker frå avdelingane

DS 399/14 Frode Sævik 37/39 - Rammeløyve - Utbetring av avkøyrslforhold 10.11.2014

00:00:00 AG Plan og Arkitektur AS

DS 400/14 Gnr 45 Bnr 172 Frådeling av næringstomt 22.10.2014 00:00:00

Moldskred Eiendom AS

DS 401/14 Alf Einar Moltubakk - 60/58 - Igangsettingsløyve 27.10.2014

00:00:00 Kvadratbygg as

DS 402/14 Ferdigattest - 37/492 seksjon 2 31.10.2014 00:00:00 Ørsta

Byggservice as

DS 403/14 Almenningskai Fosnavåg sentrum 34/446 m.fl - Ansvarsrett for
montering av betongelement 06.11.2014 00:00:00 Prosjektbygg AS

DS 404/14 Mellombels bruksløyve for ny almenningskai Fosnavåg sentrum
34/446 m.fl. 06.11.2014 00:00:00 Prosjektbygg AS

DS 405/14 ferdigattest 64/6 05.11.2014 00:00:00 Per Husholm

DS 406/14 Kristian Arnevik - 26/40 -Tilbygg 27.10.2014 00:00:00 Kristian
Arnevik

DS 407/14 Gnr 34 Bnr 22 - Klage på gebyr 14.11.2014 00:00:00 Sjøside
Eigedom AS m.fl.

DS 408/14 Ferdigattest støttemur - 58/32 20.10.2014 00:00:00 Kvadratbygg
as

DS 409/14 Olav Kjellstadli - 16/91 - Einebustad med frittliggande garasje
27.10.2014 00:00:00 Ørsta Byggservice as

DS 410/14 Steinar Bendal 29/320 - Løyve til oppføring av einebustad
30.10.2014 00:00:00 Ørsta Byggservice AS

DS 411/14 Per Husholm - 64/6 - Flytebrygge 29.10.2014 00:00:00 Per
Husholm

DS 412/14 Statens Vegvesen, Region Midt - 45/119 - Kontrollomme

29.10.2014 00:00:00 Statens Vegvesen

DS 413/14 Gnr 25 Bnr 6 Frådeling av to parsellar til bustadføremaal

22.10.2014 00:00:00 Philip Leine

DS 414/14 Torgeir Hide 60/32 - Løyve til endring av tidlegare godkjent tiltak

27.10.2014 00:00:00 Ørsta Byggservice AS

DS 415/14 Gnr 53 Bnr 9 Frådeling av tilleggsareal til gnr 53 bnr 74 27.10.2014

00:00:00 Svein Osvald Selvåg

DS 416/14 Jon Måløy 84/1 - Utlegging av flytebrygge - Ferdigattest

31.10.2014 00:00:00 A. Våge AS

DS 417/14 Gnr 7 Bnr 11 Ferdigattest. 04.11.2014 00:00:00 Arne Karlson

DS 418/14 Herøy kommune - 60/35 m fl. - Avløpsanlegg på Moltu 31.10.2014

00:00:00 Herøy Kommune, AD v/Lene S. Huldal

DS 419/14 Herøy kommune - gnr 29 bnr 8 ,9, 10, 1, 4, 86, 88 og gnr 30, bnr

2 og 9 - Tiltak Heid tursti tredje del 03.11.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund

as

DS 420/14 Axel Bjørklid - 11/6 - Ny avkøyrsestøve 03.11.2014 00:00:00 Axel

Bjørklid

DS 421/14 Gnr 58 Bnr 1 Fnr 12 - Frådeling frå feste til eigartomt 05.11.2014

00:00:00 Adv. Harris

DS 422/14 Silje Steinsvik Paulsen 38/253 - Ferdigattest 05.11.2014 00:00:00

Silje Steinsvik Paulsen m.fl.

DS 423/14 Dawid Tarnogòrski 6/51 - Løyve til oppføring av frittliggande

garasje 05.11.2014 00:00:00 Dawid Tarnogorski

DS 424/14 Herøy Eigedom AS 37/381 - Løyve til oppføring ny 2.etg som

tilbygg til eksisterande bygning på eigedomen 07.11.2014 00:00:00

Prosjektbygg AS

DS 425/14 ferdigattest 36/91 05.11.2014 00:00:00 Arild Skram

DS 426/14 Mesterhus Volda - 31/4 - Endring av tilkoblingspunkt for vatn og avløp og carportløsning 03.11.2014 00:00:00 Tømrrer Service as

DS 427/14 Stemmedalen Vasslag SA - 50/13 - Tilbygg vannbehandlingsanlegg 05.11.2014 00:00:00 Asplan Viak as

DS 428/14 Tonje FLusund og Jim Kvalsvik 4/301 - Ferdigattest 07.11.2014 00:00:00 Boligbygg Møre AS m.fl.

DS 429/14 Oddmund Kvalsvik 17/70 - Løyve til rehabilitering av skorstein 07.11.2014 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 430/14 Karstein Sund 4/25 - Løyve til tiltak 07.11.2014 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 431/14 Elselill Bjåstad og Vegard Hide 4/303 - Ferdigattest 07.11.2014 00:00:00 Enerbygg Bolig AS

DS 432/14 Villy Kvalsund 63/1 - Rehabilitering skorstein 06.11.2014 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 433/14 Herøy Kommune - 60/35 mfl. -Igangsettingsløyve avløpsanlegg Moltu 10.11.2014 00:00:00 Herøy Kommune AD v/Lene S.Huldal

DS 434/14 Svein Hugås - 45/162 - 2 mannsbustad med garasje 10.11.2014 00:00:00 Per Mulvik as


DS 435/14 AF Decom as - 64/4 - Riving av brannskadde hus 12.11.2014 00:00:00 AF Decom as

DS 436/14 Gnr 34 Bnr 22 - Klage på gebyr 17.11.2014 00:00:00 Sjøside Eigedom AS

DS 437/14 Havstein Remøy DA 34/10 - Løyve til heving av sjøbud og oppføring av kai 17.11.2014 00:00:00 Bygg & System AS

Referatsaker

Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Fylkeshuset
6404 MOLDE

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2014/916	141		UTV / OMR	31.10.2014

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - STRATEGISK NÆRINGSPLAN - VEDTAK OM OPPSTART OG UTLEGGING AV PLANPROGRAM TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Kommunestyret i Herøy vedtok i møte 30.10.2014 oppstart av arbeid med revidering av Strategisk næringsplan og utlegging av planprogram til offentlig ettersyn.

Planprogram skal vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast i planarbeidet. Planprogrammet skal angi føremål med planarbeidet, peike på viktige problemstillingar, behov for utgreiingar og skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Interesserte vert bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogram gjennom offentlig ettersyn før det vert fastsett av komite for næring, kultur og idrett. Etter at det endelege planprogrammet er fastsett skal arbeidet med *Strategisk næringsplan* gjennomførast.

Planprogram ligg til høyring i seks veker i perioden 7.11 - 19.12.2014.

Alle merknadar til planprogrammet skal vere skriftlege og sendast til Herøy kommune innan 19.12.2014

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Ole Magne Rotevatn
Sakshandsamar




Kopi:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Statens vegvesen, region midt
Fiskeridirektoratet, region Møre og
Romsdal

Kystverket
Herøy Fiskarlag
Herøy næringsforum
Ungodmsrådet i Herøy
Eldrerådet i Herøy
Barnerepresentanten i Herøy
Råd for menneske med nedsett
funksjonsevne
Alle politiske komitear i Herøy

Fylkeshuset	6404	MOLDE
Fylkeshuset	6404	MOLDE
Postboks 185 sentrum	5804	BERGEN
Postboks 1502	6025	ÅLESUND
v/Arve Myklebust	6094	LEINØY
Postboks 69	6099	FOSNAVÅG

**KOMMUNEDELPLAN FOR
HERØY
-
STRATEGISK NÆRINGSPLAN
2016 - 2020**



PLANPROGRAM

SIST REVIDERT 6.10.2014
VARSEL OM OPPSTART 7.11.2014
STADFESTA I FORMANNSKAPET XX.XX.XXXX



1. Planprogram

Planprogram skal vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast i planarbeidet. Planprogrammet skal angi føremål med planarbeidet, peike på viktige problemstillingar, behov for utgreiingar og skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Interesserte vert bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogram gjennom offentlig ettersyn før det vert fastsett av Formannskapet. Etter at det endelege planprogrammet er fastsett skal arbeidet med *Strategisk næringsplan* gjennomførast.

2. Planarbeidets føremål og målgruppe

Kommunedelplanen for Herøy - Strategisk næringsplan 2016 - 2020 er ei revidering av gjeldande *Strategisk næringsplan 2002-2005*. Kommunedelplanen skal fungere som eit overordna styringsverktøy for prioritering av tiltak knytt til næringsutvikling i kommunen.

Målgruppa for *Strategisk næringsplan* er det private næringslivet, kommuneorganisasjonen og særleg utviklingsavdelinga, kulturavdelinga og eigedomsavdelinga og lag- og organisasjonar.

Kommunedelplanen skal understøtte kommuneplanen sin visjon og målsettingar.

Strategisk næringsplan legg til grunn fylgjande målsettingar:

Langsiktige mål:

- Optimal samhandling mellom kommune og næringsliv.
- Sikre ei langsiktig utvikling i tråd med næringslivet sitt behov.
- Herøy kommune skal vere ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Kortsiktige mål:

- Kartleggje og dokumenter framtida sine utfordringar.
- Utarbeide strategiar for å imøtekomme næringslivet sitt behov.
- Dyktiggjere kommunen som tilretteleggjar for næringslivet sine behov.

3. Føringer og rammer for planarbeidet

Prosessreglar

Før planoppstart skal det utarbeidast eit planprogram som gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegg for medverknad, særleg i forhold til grupper med særlege interesser i planarbeidet, alternativ som vil bli vurderte og behov for utgreiingar. Planprogrammet vert sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart og fastsettast av rette planmynde etter høyringsfristen.

Planarbeidet skal følgje reglane om behandling av kommunedelplanar §§ 11-12 til 11-15.

Nasjonale føringer:

- LOV-2008-06-27-71 Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova)
- T-1497 (2011) Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

Regionale føringer:



- Møre og Romsdal fylkeskommune – *Fylkesplan for Møre og Romsdal 2013-2016*
- Møre og Romsdal fylkeskommune – *Regional delplan for attraktive byar og tettstader 2014-2020* (under utarbeiding)

Kommunale føringar:

Kommunedelplanen skal vere ein overordna plan for det kommunale bidraget til næringsutviklinga i kommunen. Eventuelle temaplanar og fordeling av kommunale tilskot skal vere i tråd med tiltak nemnt i *Strategisk næringsplan*. Ved fordeling av midlar til andre føremål enn det som står i *Strategisk næringsplan* skal desse vere grunngjeve og handsama i rette politiske instans.

Planar som legg føringar for *strategisk næringsplan*:

- *Kommuneplan for Herøy 2013-2025 - samfunnsdel*
- *Kommuneplanen sin arealdel 2002-2012* (under revidering)
- *Bustadsosial handlingsplan for Herøy kommune* (under revidering)
- *Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014*
- *Frivilligplan for Herøy 2012-2015*
- *Strategisk næringsplan 2002-2005*

Rapportar:

- *Herøy 2025* – sluttrapport frå «Foresight Herøy»-prosjektet
- *Sunnmøre i Framtida* – sluttrapport frå Sunnmøre i Framtida-prosjektet

Arbeidsgruppa for Strategisk næringsplan har konkludert med at utfordringane i bustadmarknaden er høgst relevant for næringsutvikling og rekruttering, men at dette må sjåast i ein større samanheng i ein bustadpolitisk plan. Representant frå Fosnavåg Shippingklubb vil representere næringslivet sine interesser i arbeid med *bustadpolitisk plan*.

4. Planperiode

Kommunedelplan for Herøy – strategisk næringsplan 2016 – 2020 vert utarbeidd i løpet av 2014/2015. Det vert lagt opp til at kommunedelplanen skal vere gjeldande i fire år. I samband med revidering av kommunal planstrategi vil det kvart 4. år bli vurdert om *strategisk næringsplan* skal reviderast eller vidareførast.

5. Viktige utfordringar

Herøy kommune har prosentvis færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning samanlikna med fylket og landet. Dette er ei utfordring når både det offentlege og det private næringslivet etterspør formell kompetanse til sine stillingar. Nye arbeidsplassar vert, uansett kvar dei er lokalisert, stadig meir kompetanseintensive.

Næringslivet er skildra som sterkt, solid og internasjonalt orientert, med fleire vitale og vekstkraftige forretningsmiljø knytt til akvakultur, fiskeri, offshoreverksemd, marin næring, maritim industri og shipping. Slik næringslivet utviklar seg vil det vere behov for fleire landbaserte jobbar i dei ulike bedriftene både innanfor dei tradisjonelle STEM-faga (science, technology, engineering and mathematics) og innanfor administrasjon og leing.

Utfordringar:



- Rekruttering til Herøy er avgjerande for å halde oppe den positive utviklinga både i lokalsamfunnet og i næringslivet.
- Kommunane står føre ei omfattande kommunereform som ein enno ikkje kjenner konsekvensane av.
- Næringslivet har behov for tilgjengeleg areal for næringsutvikling og dette omfattar også tomter til kontorbygg.
- Knappeheit på kompetent arbeidskraft i forhold til dei demografisk baserte tenestebehova som barnehage, skule, helse og eldreomsorg.
- Sentraliseringsprosessen som no pågår i Norge, der storbyregionane trekk til seg en relativt stor del av unge, høgt utdanna menneske.
- Skule og yrkesfagleg utdanning er svært viktig for rekrutteringa til næringslivet i kommunen og regionen. Kva rolle skal Herøy vidaregåande skule ha i framtida vil påverke både lokalsamfunn og næringsliv. Tilgang til arbeidskraft med rett kompetanse er ein av nøkkelfaktorane for at næringslivet skal kunne utvikle seg vidare.
- Kontakten mellom born og næringsliv må etablerast tidleg gjennom td. «partnerskapsavtalar» og studierettleiarane må ha full oversikt over utdanningstilbod og arbeidsmarknaden i kommunen.
- Den særnorske kostnadsutviklinga som pressar konkurranseutsette næringar, både dei som er utanfor og også mange av de som er innanfor dei oljerelaterte bransjane.
- Kompetanseutfordringa innan statlege institusjonar, der spesialiseringskrav, teknologiutvikling og konkurranse om dei toppkvalifiserte trekker spesialisthelsetenester, høgskule- og universitetstenestene til dei store institusjonane i dei store befolkningssentra.
- Innovasjon og næringsutvikling skjer på tvers av administrative grenser og sektorar. Dette forutset god og heilskapleg planlegging på tvers av kommunegrenser og fylkeskommunale grenser.
- Sjømatnæringa er ei stor eksportnæring som bidreg til stor aktivitet og sysselsetting i kommunen og den marine sektoren må gjevast rom for langsiktig og miljømessing forsvarleg verdiskaping.
- Turismesatsinga i kommunen kan få eit nytt innhald i tida som kjem og tilpasse seg ei potensiell ny kundegruppe på Thon Hotel Fosnavåg.

6. Utgreiingar

Byutviklingsprosjektet som går om lag samstundes med revidering av næringsplanen skal gjennomføre ein del analyser som kan nyttast i arbeid med strategisk næringsplan. Døme på analyser som også kan nyttast som grunnlag for denne planen er; *handelsutvikling*, *handelsanalyse*, kart over interessepunkt i Fosnavåg, *gatekart med køyremønster i Fosnavåg* og *kart over næringslokale i Fosnavåg*.

7. Konsekvensutgreiing

Arbeid med revideringa av *strategisk næringsplan* vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter *Forskrift om konsekvensutredning* §§ 2, 3 og 4.

8. Organisering og medverknad

Kommunestyret i Herøy er eigar av planen.

Komite for næring, kultur og idrett er styringsgruppe for arbeidet med revidering.



Arbeidsgruppa for arbeidet består av;

- Leiar i *komite for næring, kultur og idrett*, Bjørn Otterlei
- nestleiar i *komite for næring, kultur og idrett*, Knut Johan Voldsund
- ordførar, Arnulf Goksøy
- rådmann, Erlend Krumsvik
- assisterande rådmann, Olaus-Jon Kopperstad
- representant frå utviklingsavdelinga, Jarl Martin Møller
- representant frå Herøy Næringsforum, Svein Rune Gjerde
- representant frå Fosnavåg Shippingklubb, Hallvar Ulfstein

Planleggar frå utviklingsavdelinga fungerer som sekretær i arbeid med revidering av planen.

Arbeidsgruppa kan engasjere andre i planarbeidet ved behov.

Ein vil ha moglegheit til å kome med innspel på fylgjande måte:

- Det vil bli varsla oppstart av planarbeid og forslag til planprogram vil bli lagt ut til offentleg ettersyn etter PBL §§ 11-12 og 11-13.
- Arbeidsgruppa vil invitere seg inn til «dialogmøte» med Herøy næringsforum og Fosnavåg shippingklubb. Det kan verte aktuelt å invitere seg inn i andre fora undervegs i planarbeidet.
- Det skal settast ned mindre uavhengige arbeidsgruppe for bestemte tema som skal utarbeide strategiar og målsettingar for sitt aktuelle tema.
- Kommunedelplanen vil vere gjenstand for høyring og offentleg ettersyn etter PBL § 11-14 med moglegheiter for å kome med innspel før politisk slutthandsaming.

9. Framdriftsplan

Framdriftsplanen er rettleiande og dekkjer heile prosjektperioden

2014

Juni – September: Utarbeiding av planprogram.

Oktober: Planprogram vert lagt fram for Kommunestyret. (30.10.2014)

November – Desember: Utlegging av planprogram til offentleg ettersyn(6 veker).

November/Desember: Drøfting av planprogram i politiske råd og utval.

2015

Januar: Stadfesting av planprogram i Komite for næring, kultur og idrett.

Januar – Mai: Utarbeiding av forslag til *Strategisk næringsplan*.

Juni – August: Utlegging av *Strategisk næringsplan* til offentleg ettersyn.

September – November: Bearbeiding av plan etter innkomne merknadar.

Desember: Planforslag fremja for komite for NKI og Formannskapet.

Desember: Endeleg vedtak av *Kommunedelplan for Herøy – Strategisk næringsplan 2016-2020* i Kommunestyret.



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/916
		Arkiv:	141

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
51/14	Komite for næring, kultur og idrett	20.10.2014
180/14	Formannskapet	21.10.2014
136/14	Kommunestyret	30.10.2014

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - STRATEGISK NÆRINGSPLAN 2016-2020 - OPPSTART AV PLANARBEID

Tilråding frå rådmannen:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeid med revidering av *Strategisk næringsplan 2002 – 2005*.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å leggje forslag til planprogram ut til offentleg ettersyn i minimum seks (6) veker.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 20.10.2014

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeid med revidering av *Strategisk næringsplan 2002 – 2005*.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å leggje forslag til planprogram ut til offentleg ettersyn i minimum seks (6) veker.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl-Martin Møller og planleggar Ole-Magne Rotevatn møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 21.10.2014

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeid med revidering av *Strategisk næringsplan 2002 – 2005*.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å leggje forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks (6) veker.

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 30.10.2014

1. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 12 å starte opp arbeid med revidering av *Strategisk næringsplan 2002 – 2005*.
2. Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11- 13 å leggje forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minimum seks (6) veker.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal	Postboks 185 sentrum, 5804 BERGEN
Kystverket	Postboks 1502, 6025 ÅLESUND
Herøy fiskarlag	Sævik 76, 6094 LEINØY, v/Arve Myklebust
Ungdomsrådet i Herøy	Her
Eldrerådet i Herøy	Her
Barnerepresentanten i Herøy	Her
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Her
Alle politiske komitear i Herøy	Her

Vedlegg

1 forslag til planprogram for Strategisk næringsplan 2016-2020

Saksopplysningar:

Førebels framdriftsplan

Utvalssak	Utval m.m	Emne	Dato
	Komite for NKI	Vedtak om oppstart av planarbeid instilling	20.10.2014
	Formannskap	Vedtak om oppstart av planarbeid instilling	21.10.2014
	Kommunestyre	Vedtak om oppstart	30.10.2014
		Høyring av planprogram: 7.11.2014 - 9.12.2014	

Planstrategi for Herøy legg opp til at *Strategisk næringsplan* skulle reviderast i 2013 og administrasjonen ligg såleis noko bak denne målsettinga.

Strategisk næringsplan 2002-2005 er utarbeidd som ein temaplan på nivå tre i det lokale planhierarkiet. Denne planen er no føreslått heva til ein kommunedelplan for Herøy (nivå to) som vil vere politisk bindande ved prioriteringa av tilskot. Dersom det skal gjevast økonomisk støtte frå kommunen til tiltak som ikkje står i den reviderte planen skal dette grunngjevast.

Kommunestyret i Herøy har vedteke i sitt overordna styringsdokument (Kommuneplanen sin samfunnsdel) at det skal satsast på *Kompetanse og næringsutvikling* og *Verdiskaping*. Med bakgrunn i dei målsettingane som står i samfunnsdelen vil det vere naturleg å vidareføre og konkretisere desse i ein eigen *Strategisk næringsplan*.

Kommunedelplanen for Herøy - Strategisk næringsplan 2016 - 2020 skal fungere som eit overordna styringsverktøy for prioritering av tiltak knytt til næringsutvikling i kommunen. Dette arbeidet vil såleis bidra til å skaffe ei føreseieleg oversikt over økonomiske bidrag til næringsutvikling frå kommunen si side.

Arbeidsgruppa for Strategisk næringsplan har konkludert med at utfordringane i bustadmarknaden er høgst relevant for næringsutvikling og rekruttering, men at dette må sjåast i ein større samanheng i ein bustadpolitisk plan. Representant frå Fosnavåg Shippingklubb vil representere næringslivet sine interesser i arbeid med *bustadpolitisk plan*.

Planprogrammet skisserer desse målsettingane.

Langsiktige mål:

- Optimal samhandling mellom kommune og næringsliv.
- Sikre ei langsiktig utvikling i tråd med næringslivet sitt behov.
- Herøy kommune skal vere ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i.

Kortsiktige mål (mål for arbeid med strategisk næringsplan):

- Kartleggje og dokumenter framtida sine utfordringar.
- Utarbeide strategiar for å imøtekome næringslivet sitt behov.
- Dyktiggjere kommunen som tilretteleggjar for næringslivet sine behov.

Framdriftsplan:

Framdriftsplanen er rettleiande og dekkjer heile prosjektperioden

2014

Juni – September: Utarbeiding av planprogram.
Oktober: Planprogram vert lagt fram for Kommunestyret.
(30.10.2014)
November – Desember: Utlegging av planprogram til offentleg ettersyn(6 veker).
November/Desember: Drøfting av planprogram i politiske råd og utval.

2015

Januar: Stadfesting av planprogram i Komite for næring, kultur og idrett.
Januar – Mai: Utarbeiding av forslag til *Strategisk næringsplan*.
Juni – August: Utlegging av *Strategisk næringsplan* til offentleg ettersyn.
September – November: Bearbeiding av plan etter innkomne merknadar.
Desember: Planforslag fremja for komite for NKL og Formannskapet.
Desember: Endeleg vedtak av *Kommunedelplan for Herøy – Strategisk næringsplan 2016-2020* i Kommunestyret.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens

Rådmannen rår til at Kommunestyret i medhald av plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 varslar oppstart av arbeid med revidering av *Kommunedelplan for Herøy – Strategisk næringsplan 2016-2020* og sender forslag til planprogram på høyring i minimum seks veker.

Fosnavåg, 06.10.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn